



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 19

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2010





DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 19

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik
og samarbeid i Europa (OSSE) i 2010

Innhald

1	Det politiske samarbeidet	5	5.6	Kamp mot terrorisme	24
2	Freds- og demokratibyggning	9	6	Partnarsamarbeid	25
2.1	Vest-Balkan	9	Vedlegg		
2.2	Ukraina, Moldova og Kviterussland	11			
2.3	Sør-Kaukasus	12			
2.4	Sentral-Asia	13			
3	Samarbeid om demokrati og menneskerettar	17	1	Organisasjonskart: OSSEs organisasjon og institusjonar	26
3.1	Valobservasjon og valstandardar .	17	2	Vedtak nr. 1/10. Utnemning av OSSE representanten for frie medium	27
3.2	Menneskehandel og seksuell utnytting av barn	17	3	Vedtak nr. 2/10. Utviding av mandatet til OSSEs Høgkommissær for nasjonale minoritetar	28
3.3	OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar	18	4	Vedtak nr. 3/10. Tid og stad for det neste OSSE-toppmøtet og den neste tilsynskonferansen	29
3.4	Representanten for frie medium ..	18	5	Vedtak nr. 4/10. OSSE-formannskap for 2013	30
4	Økonomisk og miljømessig samarbeid	19	6	Vedtak nr. 5/10. Tid og stad for det neste møtet i OSSEs ministerråd ..	31
5	Politisk-militært samarbeid	21	7	Jubileumserklæring frå Astana Mot ein tryggleiksfelleskap	32
5.1	Konvensjonell nedrusting	21	8	Noregs innlegg ved utanriksminister Jonas Gahr Støre på OSSE-toppmøtet i Astana, 1. desember 2010	35
5.2	CFE-avtalen	22			
5.3	Tryggingssektorreform	23			
5.4	Grensetryggleik	23			
5.5	Kamp mot organisert kriminalitet	24			



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 19

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2010

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 15. april 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Det politiske samarbeidet

Samarbeidet i OSSE i 2010 var prega av toppmøtet i Astana i desember og førebuingane til dette. Det var det første toppmøtet i organisasjonen sidan 1999. Deltakarlanda på toppmøtet vart samde om ei erklæring som stadfestar og forsterkar tidlegare inngåtte forpliktingar og erklærte at dei vil arbeide for betre oppfølging og etterleving innanfor alle dei tre dimensjonane i OSSE. Hovudvekt ligg på forpliktingane innanfor den menneskelege dimensjonen, der utviklinga dei seinare åra har vore lite oppmuntrande i mange av deltakarlanda i OSSE. Også forhandlingane om ein handlingsplan var nær ved å lukkast, men stranda på omtalen av dei langvarige konfliktane, og særleg Georgia. Det vil difor vere ei viktig oppgåve for dei neste formannskapa (Litauen i 2011, Irland i 2012 og Ukraina i 2013) å vidareføre dette arbeidet slik at det gjev konkrete resultat.

Under førebuingane til toppmøtet stod Noreg saman med likesinna land bak fleire forslag om å forbetre krisehandteringsevna til OSSE, styrkje forpliktingane når det gjeld mediefridom og

ytringsfridom, styrkje vernet av nasjonale minoritetar og betre oppfølginga av tilrådingane etter valobservasjon. Noreg rapporterte grundig til OSSE-organa om oppfølginga etter stortingsvalet i 2009, i nært samarbeid med ODIHR. I samband med kommunevalet til hausten skal OSSE/ODIHR gjennomføre ein «særskild» valobservasjon av førebuingane til gjennomføring av elektronisk stemmegjeving i utvalde kommunar. På ein europarådskonferanse i Oslo i mars 2010 vart det mellom anna diskutert korleis prosessane og tilnæringsmåtane for valobservasjon ved bruk av datateknologi ved stemmegjeving må justerast.

Arbeidet med tillits- og tryggleiksskapande tiltak, mellom anna gjensidig utveksling av informasjon om forsvarsplanlegging, stridskrefter, våpensystem og aktivitetar, står sentralt i OSSE. Ei viktig plattform for dette arbeidet er *Wien-dokumentet frå 1999*. I 2010 kom deltakarlanda i gang med ei høgst nødvendig oppdatering av *Wien-dokumentet*. Arbeidet vil halde fram i 2011.

Ved inngangen til 2010 vart det innleidd ein diskusjon blant NATO-landa om korleis avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa frå 1992 (CFE-avtalen) kunne få nytt liv. Bakgrunnen var særleg at Russland sidan desember 2007 har «suspendert» CFE-avtalen. NATO presenterte i juni 2010 eit utkast til «nytt rammeverk for konvensjonell rustingskontroll i Europa». Utspelet vart starten på ei rekkje møte i Wien i såkalla «36-format» (dei 30 statspartane til CFE-avtalen og dei seks nyaste NATO-landa: Albania, Estland, Kroatia, Latvia, Litauen og Slovenia). I tillegg vart den bilaterale dialogen mellom USA og Russland om konvensjonell rustingskontroll langt meir intensiv etter slutføringa av START-avtalen. Dei pågåande forhandlingane i Wien gjeld i første omgang eit kortfatta mandat for vidare forhandlingar om eit modernisert regime for konvensjonell rustingskontroll i Europa. Det er likevel ikkje semje om vidare forhandlingar skal dreie seg om ein revisjon av den juridisk bindande CFE-avtalen eller sikte mot eit nytt politisk forpliktande regime for konvensjonell rustingskontroll i Europa som kan erstatte CFE-avtalen. Andre sentrale stridspunkt i forhandlingane gjeld dels spørsmålet om vertslandssamtykke ved utstasjonering av styrkar og omtalen av aktuelle politiske konflikter, dels kravet frå NATO-landa om russisk iverksetjing av den gjeldande CFE-avtalen i forhandlingsfasen. Det ser ut til å vere semje om at dei tre komponentane i CFE-avtalen – restriksjonar på konvensjonelle styrkar, innsyn gjennom utveksling av informasjon om militær struktur, materiell og personell og høve til verifikasjon ved inspeksjonar av militære avdelingar – har hatt stor tillitsskapande verdi og bør førast vidare.

Regjeringa har gjeve arbeidet med å gje nytt liv til CFE-avtalen høg prioritet og har samarbeidd nært med dei andre allierte i NATO. For å styrkje den norske innsatsen i forhandlingane er det oppretta ei eiga stilling som spesialutsending for europeiske trygging- og rustingskontrollspørsmål.

Den kasakhstanske formannskapet synte stor handleevne i handteringa av krisa i Kirgisistan våren 2010. Allereie dagen etter at uroa braut ut, vart det utnemnd ein spesialrepresentant for Kirgisistan, og formannskapet stod sentralt i arbeidet med å overtale presidenten til å gje opp makta og forlate landet. Ei overgangsregjering under leiing av opposisjonsleiar Rosa Otunbajeva lovde ei ny grunnlov basert på eit parlamentarisk styresett og snarlege val. Men dei påfølgjande parlamentsvala, som vart haldne i samsvar med den nye lova, gav eit valresultat som gjorde det vanskeleg å få ei styringsdyktig regjering. Landet

treng framleis omfattande internasjonal bistand for å kunne utvikle eit levedyktig demokrati. OSSE har bidrege med eksperthjelp, men ut over den første, formannskapsstyrte hurtiginnsatsen har den vidare praktiske oppfølginga vist seg å verte vanskeleg. Det har likevel vore mogeleg å samle konsensus om utplassering av ei felles politirådgevingsgruppe som hjelper nasjonale kirgisiske politistyresmakter med å vareta tryggleiken for befolkninga og bidreg til det nasjonale politireformprogrammet. Frå norsk side bidreg vi òg bilateralt til det nasjonale dialogarbeidet. Dette arbeidet har som målsetting å utvikle samarbeid mellom ulike trusretningar for å fremje toleranse og samarbeid.

Presidentvalet i Kviterussland i 2010, særleg den brutale handteringa av opptøya som oppstod utover valdagen, og vedtaket landet gjorde om å ikkje gå med på ei forlenging av mandatet for OSSE-kontoret, var eit tilbakesteg for utviklinga av demokrati, rettsstat og grunnleggjande menneskerettar. Det autoritære styret i Kviterussland har ikkje synt teikn til svekking. Forfølgning og trakassering av journalistar, opposisjonspolitikarar og andre representantar for det sivile samfunnet auka i omfang att i 2010. Avrettinga av to personar i mars 2010 stadfesta at Kviterussland er det einaste landet i Europa som framleis nyttar dødsstraff. Regjeringa beklagar den kviterussiske avgjerda om å avvikle sendelaget, noko som gjer det vanskelegare for det internasjonale samfunnet å påverke utviklinga i landet.

Regjeringa legg vekt på å oppretthalde det omfattande feltnærveret til OSSE. I dag er det 17 feltkontor på Vest-Balkan, i Kaukasus, i Aust-Europa og i Sentral-Asia som i stor grad arbeider for vern av menneskerettar og minoritetsrettar. Regjeringa beklagar at det ikkje har vore mogeleg å få gjenoppretta eit OSSE-nærver i Georgia. OSSE vart nøydd til å avslutte verksemda i 2009 då Russland ikkje kunne godta ei vidareføring av sendelaget utan at det skjedde innanfor rammesom innebar ei direkte eller indirekte godkjenning av utbrytarregionane Abkhasia og Sør-Ossetia. Noreg støttar suvereniteten og den territoriale integriteten til Georgia og oppfordrar partane til å overhalde våpenkvileavtalen frå 12. august 2008 og tilleggsavtalen frå 8. september same året. I mangel av eit OSSE-nærver på bakken ser regjeringa eit særskilt behov for aktivt engasjement frå dei ulike OSSE-institusjonane, mellom andre OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar.

Dei fem landa i Sentral-Asia er framleis i ein nasjonsbyggingsfase, og alle er – om enn i ulik grad – prega av eit autoritært styresett med ei til

dels negativ utvikling når det gjeld demokrati og menneskerettar. Regionen har i OSSE-samanheng fått stor merksemd på grunn av den kasakhstanske OSSE-formannskapet, naboskapen til Afghanistan og OSSE-vedtaket om å styrkje samarbeidet med dette partnerlandet innanfor grensekontroll, politi og kamp mot narkotika. Sendelaga i regionen spelar ei viktig rolle, og regjeringa vil arbeide for at mandata deira skal vere så robuste som mogeleg. Kasakhstan er den fremste partnern til Noreg i regionen. Landet gjennomførte nokre forsiktige demokratiske reformer i forkant av OSSE-formannskapet i 2010, men utviklinga i 2010 har på nytt gått i feil retning. Naboskapen til Afghanistan gjev òg særleg grunn til å følgje utviklinga i Tadsjikistan, Usbekistan og Turkmenistan. Regjeringa vil vidareføre innsatsen for grensetryggleik i Tadsjikistan, gje auka støtte til reformpolitikk og stabilisering i Kirgisistan og bidra til arbeidet OSSE gjer i Turkmenistan.

Når det gjeld Vest-Balkan, står utviklinga i Kosovo og rolla det internasjonale samfunnet spelar der, framleis sentralt for OSSE. Arbeidet, ikkje minst for å sikre rettane til minoritetane, vert vidareført og utfyller den innsatsen EUs politi- og justisoperasjon (EULEX) gjer. Regjeringa vil framleis arbeide for eit mindre, men meir fokusert OSSE-nærvar i Kosovo. Det er òg ønskeleg at det omfattande engasjementet til OSSE i Serbia vert vidareført. Hovudoppgåva til sendelaget der er å støtte reformarbeidet, mellom anna politi- og tryggingsektorreform, fremje minoritets- og menneskerettar, kjempe mot korrupsjon og organisert kriminalitet og støtte kapasitetsbygginga i domstolane slik at dei kan gjennomføre krigsforbrytarsaker i samsvar med internasjonale standardar. Det er òg behov for å vidareføre det robuste engasjementet i Bosnia-Hercegovina der den politiske situasjonen framleis er vanskeleg og uoversiktleg.

I Aust-Europa (Moldova, Ukraina og særleg Kviterussland) og i Sør-Kaukasus har OSSE mykje ugjort arbeid. Situasjonen i Moldova var òg i 2010 prega av uløyste konstitusjonelle spørsmål, men reformpolitikken som vart innleidd etter regjeringsskiftet i 2009, har lagt grunnlaget for ein ny giv i reforminnsatsen, der OSSE deltek med viktige bidrag. Mandatet for OSSE-nærveret i Ukraina har lenge vore underlagt sterke restriksjonar, samtidig som behovet for eit aktivt sendelag ikkje har vorte mindre etter presidentskiftet i 2010. I Sør-Kaukasus gjev særleg utviklinga i Aserbajdsjan grunn til auka uro med omsyn til etterlevinga av forpliktingane landet har som OSSE-deltakarland. Også Armenia har ein lang veg å gå før det kan seiast at landet oppfyller for-

pliktingane sine innanfor den menneskelege dimensjonen i OSSE-samarbeidet. Georgia har behov for ytterlegare bistand frå OSSE til reformarbeidet, men dette vert vanskeleg å gjennomføre sidan det ikkje finst nokon lokal OSSE-representasjon.

OSSE er involvert som forhandlar og observatør i dei uløyste konfliktane om Transnistria i Moldova og Nagorno-Karabakh i Aserbajdsjan. I Transnistria ser det ut til å vere visse signal om potensiell framgang i forhandlingane. Når det gjeld Nagorno-Karabakh, er det positivt at presidentane i Armenia og Aserbajdsjan har møttest regelmessig òg i 2010, men retorikken ber ikkje bod om kompromissvilje. Regjeringa støttar innsatsen til formannskapet for å skape framgang i dei uløyste konfliktane. Samtidig vil Noreg gjennom bilateral bistand støtte prosjekt som bidreg til fredsbygging og tillitsskapande tiltak mellom partane. Samarbeidet med norske frivillige organisasjonar, FN-organ, Europarådet, Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) og sendelaga vil vere viktig her.

Regjeringa ser det som viktig å støtte OSSE-kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) og sikre den uavhengige rolla til kontoret. Arbeidet i OSSE for å fremje frie og demokratiske val står sentralt her. Regjeringa vil framleis prioritere norsk deltaking i valobservasjonslaga. Vidare vil regjeringa halde fram å arbeide for at OSSE skal styrkje dialogen med det sivile samfunnet, og for at menneskerettsforsvararar i deltakarlanda i OSSE får eit betre vern. Høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) har ein sentral førebyggjande funksjon og varetek tilsynsoppgåvene OSSE har overfor nasjonale minoritetar. Innsatsen til HCNM i Kirgisistan etter krisa stadfesta at institusjonen har ei viktig rolle å spele i alle fasar av ei krise som involverer nasjonale minoritetar, noko som gjeld dei aller fleste konfliktane i OSSE-området. Representanten for frie medium (FOM) har ei viktig tilsynsrolle som skal sikre ei fri og uavhengig presse og i samband med dette vareta rettstryggleiken for journalistar og arbeide med problemstillingar knytte til informasjonsutveksling via Internett. Noreg har støtta initiativ for å styrkje integriteten og autoriteten til institusjonen.

Det er viktig at OSSE konsentrerer arbeidet om kjerneoppgåvene innanfor det utvida tryggleiksomgrepet, mellom anna respekt for dei grunnleggjande menneskerettane. Vidare bør OSSE framleis rette merksemda mot dei utfordringane som etniske og regionale konfliktar, organisert kriminalitet, handel med menneske,

våpen og narkotika og internasjonal terrorisme utgjær. Det er positivt at organisasjonen er oppteken av energitryggleik og drøfter samanhengen mellom klimaendringar, miljø og tryggleik.

Regjeringa er oppteken av å styrkje samarbeidet mellom OSSE, FN, EU, Europarådet og NATO og av å sjå dette i samanheng med det bilaterale engasjementet til Noreg. Arbeidet i dei multilaterale organisasjonane er avgjerande for å fremje norsk utanriks- og tryggingpolitikk.

Noreg er engasjert i spørsmål knytte til tryggingssektorreform både innanfor OSSE, NATO, FN og bilateralt. OSSE bidreg til politi- og justissektorreform i fleire land. Regjeringa vil vidareføre støtta til dette arbeidet, mellom anna gjennom ytterlegare støtte til grensesamarbeid i sentralasiatiske land. Noreg finansierer òg to-tre juristar som er knytte til sendelaget i Baku for å fremje justissektorreform, medan vi i andre land i regionen bidreg gjennom bilaterale program.

Det er viktig at hovudprioriteringane og dei politiske vedtaka i OSSE vert følgde opp med til-

strekkelege ressursar til gjennomføring. Regjeringa er oppteken av at budsjettet må reflektere dei faktiske behova til organisasjonen, slik at han kan utføre arbeidet sitt på ein effektiv måte. I denne samanhengen er institusjonane svært viktige for den samla slagkrafta til organisasjonen. I tråd med dette har Noreg arbeidd for ei styrking av budsjetta til Representanten for frie medium og Høgkommissæren for nasjonale minoritetar. Det same gjeld feltarbeidet i Sentral-Asia, med særleg vekt på Kirgisistan etter krisa. Noreg bidreg dessutan utanom dei ordinære driftsbudsjetta med prosjektbistand gjennom OSSE-systemet til arbeidet med menneskerettar, bygging av rettsstaten, valspørsmål, innsats på politisektoren inkludert grensekontroll, handvåpen og destruksjon av ammunisjon, kampen mot menneskehandel og arbeidet med likestilling. Det vert teke sikte på at ein rammeavtale for slik støtte til OSSE skal inngåast i 2011.

2 Freds- og demokratibygging

OSSE har ein omfattande feltaktivitet. Gjennom 17 såkalla sendelag støttar organisasjonen demokratisk utvikling, menneskerettar og rettsstatsprinsipp i land på Vest-Balkan, i Ukraina, Moldova og Kviterussland (sistnemnde vert lagd ned i 2011), i Sør-Kaukasus og Sentral-Asia.

2.1 Vest-Balkan

Vest-Balkan er framleis det største operasjonsområdet til OSSE. Arbeidet er retta mot demokrati- og institusjonsbygging, flyktningretur, overvaking av og hjelp til gjennomføring av demokratiske val, utvikling av massemedium, fremjing av rettsstaten og menneskerettar og støtte til forsoning mellom folkegrupper. Rolla OSSE spelar vert sett pris på i dei fleste vertslanda, som ser på innsatsen til organisasjonen som ei viktig hjelp i sitt eige reformarbeid og arbeidet for euroatlantisk integrasjon. Bistanden frå OSSE har i stor grad hjulpet landa til å førebu seg på EU- og NATO-medlemskap. Det er eit tett samarbeid med FN, EU og NATO i regionen.

OSSE-sendelaga har gradvis kunna fase ut enkelte av dei opphavlege oppgåvene sine etter kvart som delar av mandata er oppfylte og nasjonale styresmakter og lokale aktørar har kunna overta ansvaret. Dette har skjedd parallelt med at EU har trappa opp innsatsen i regionen. Kroatia har forhandla med EU om medlemskap i fleire år og er no inne i sluttfasen. Når striden med Hellas om namnespørsmålet vert løyst, ligg alt til rette for å starte forhandlingane om EU-medlemskap for Makedonia. Forholdet mellom EU og Serbia er i rask betring, noko den serbiske medlemskaps-søknaden frå desember 2009 vitnar om. Serbisk kompromissvilje i samband med behandlinga av uttalen frå Den internasjonale domstolen om sjølvstendeerklæringa til Kosovo under generalforsamlinga i FN hausten 2010 har forsterka det positive samarbeidsklimaet. Albania og Montenegro har òg søkt om EU-medlemskap, og Montenegro fekk kandidatstatus i desember 2010. Det vart innført visumfriдом til Schengen-området for serbiske, makedonske og montenegrinske borgarar i

desember 2009, og eitt år seinare vart dette utvida til også å omfatte Albania og Bosnia-Hercegovina, noko som ytterlegare understrekar den positive utviklinga som har funne stad dei siste åra. I alle land er det eit tett samarbeid mellom sendelaga og EU-representasjonen. NATO-medlemskap for Albania og Kroatia i 2009 – og for Makedonia når namnespørsmålet vert løyst – er eit anna tydeleg uttrykk for framgangen.

Framleis er OSSEs sendelag i *Kosovo* den største feltoperasjonen organisasjonen har. Etter sjølvstendet i 2008 vert delar av arbeidet til OSSE vida-reført, ikkje minst for å sikre rettane til minoritetane, og dette arbeidet utfyller den innsatsen EUs politi- og justisoperasjon (EULEX) gjer. Sendelaget er likevel for stort i forhold til oppgåvene og spelar ei nokså marginal rolle blant dei internasjonale aktørane i Kosovo. Det er sett i gang eit nødvendig arbeid med å redusere verksemda til sendelaget, og under budsjettforhandlingane for 2010 og 2011 er løyvinga til aktivitetane til sendelaget redusert med til saman ti prosent. Samtidig kom arbeidet med minoritetsspørsmål relativt sett styrkt ut. Regjeringa støttar eit mindre og meir fokusert OSSE-nærvær i Kosovo, der aktivitetane i større grad vert retta inn mot situasjonen til minoritetane. På denne måten vil OSSE kunne spele ei viktig komplementær rolle til EULEX.

Den politiske situasjonen i *Bosnia-Hercegovina* er framleis vanskeleg og uoversiktleg. Medan alle er samde om at det trengst grunnlovsendingar for å få den bosnisk-hercegovinske grunnlova i tråd med Den europeiske menneskerettskonvensjonen, står representantar for dei tre konstituerande folkegruppene (bosnjakar, serbarar og kroatar) ofte langt frå kvarandre i synet på om Bosnia-Hercegovina bør vere ein einskapsstat eller ei laus samanslutning med få fullmakter på statsnivå. Den politiske situasjonen har påverka arbeidet til sendelaget, særleg innanfor område som utdanning, vern om menneskerettane og demokratibygging. Skulevesenet er ei særleg utfordring fordi det bidreg til å oppretthalde etniske skiljelinjer. Det er difor ei prioritert oppgåve for sendelaget å arbeide for at skulen vert ei samlande og ikkje splittande kraft i det bosniske samfunnet. Arbei-

det har til no gjeve få resultat. OSSE gav òg i 2010 omfattande hjelp til oppbygginga av rettsstaten og uavhengige domstolar. Overvaking av behandlinga i domstolane av krigsforbrytarsaker, mellom anna saker som er overførte frå Det internasjonale straffetribunalet for Jugoslavia (ICTY) i Haag, var òg i 2010 ei sentral oppgåve for sendelaget. Rettsforfølging av krigsforbrytarar er svært viktig for det nasjonale forsoningsarbeidet. Retur av flyktningar og internt fordrivne har framleis høg prioritet hos sendelaget. Uteståande eigedomsrettstvistar må løysast og privat eigedom tilbakeførast for å lukkast med å byggje opp att samfunnet og skape økonomisk og sosial framgang, og denne prosessen vert støtta av OSSE-nærværet i Bosnia-Hercegovina. Men arbeidet er vanskeleg og møter ofte politiske, rettslege og administrative hindringar.

Reformarbeidet i *Serbia* er nært knytt til forventningane om rask europeisk integrasjon. Den klare pro-europeiske kursen som landet har slått inn på etter regjeringsskiftet i 2008, er vidareført i 2010. Etter at Kosovo reiv seg laus frå Serbia og dei fleste EU- og NATO-landa, mellom anna Noreg, godkjende landet, står serbiske styresmakter framleis overfor vanskelege avvegingar. Ingen ser for seg at Serbia i nær framtid vil endre haldning i dette spørsmålet, men serbiske styresmakter har samtidig akseptert å gå i forhandlingar med styresmaktene i Pristina om løysing av nokre praktiske spørsmål. Når slike forhandlingar enno ikkje er komne i stand, skuldast dette ikkje minst regjeringskrise og nyval i Kosovo hausten 2010. Hovudoppgåva til sendelaget er å støtte reformarbeidet, mellom anna å fremje minoritets- og menneskerettar, kjempe mot korrupsjon og organisert kriminalitet og medverke til kapasitetsbygging i domstolane slik at dei kan gjennomføre krigsforbrytarsaker i samsvar med internasjonale standardar. Sendelaget har til dømes stått sentralt i etableringa av ein krigsforbrytardomstol og har sidan 2003 overvaka krigsforbrytarsaker som vert førte i nasjonale domstolar. Sendelaget overvakar i tillegg saker som er oversende frå ICTY. Sendelaget har òg bidrege til å styrkje det regionale samarbeidet om krigsforbrytarsaker.

Andre oppgåver er støtte til vidare reform og utdanning innanfor rettsvesenet, mellom anna kamp mot organisert kriminalitet og korrupsjon. Sendelaget har det samordnande ansvaret for politireform og gjev støtte til styresmaktene på dette området. Reform av politiet har òg stått svært sentralt i arbeidet for å betre forholdet mellom dei etniske gruppene og bidra til stabilitet i landet. Serbia er det største flyktninglandet i Europa. Det

er eit utstrakt samarbeid med sendelaga i Bosnia-Hercegovina og Kroatia, i tillegg til FN's høgkommisær for flyktningar og EU-kommisjonen, om det store flyktningproblemet regionen framleis har. Noreg yter monaleg støtte til OSSE-aktivitetane i tillegg til omfattande bilaterale program.

Som følgje av den positive demokratiske og institusjonelle utviklinga i *Kroatia* vart OSSE-sendelaget nedlagt i 2008 og erstatta av eit mindre kontor som overvakar resterande krigsforbrytarsaker og bidreg til flyktningretur. Leiaren for kontoret slo hausten 2010 fast at mandatet i det store og heile er oppfylt, men Kroatia har likevel akseptert at arbeidet vil verte vidareført òg i 2011. Det er ikkje unaturleg å sjå ei kopling mellom tidspunktet for endeleg avvikling av OSSE-nærværet i landet og spørsmålet om avslutting av medlemskapsforhandlingane med EU.

Vidareføring av reformpolitikken er avgjerande for ambisjonane *Makedonia* har om EU-medlemskap, og bistanden OSSE-sendelaget gjev til gjennomføring av OHRID-avtalen, utvikling av rettsstaten, tryggingsreform, vallovgeving, kompetanseutvikling og desentralisering støttar opp om dette arbeidet. Sendelaget medverkar òg i reformer innanfor rettsvesenet og i å byggje opp eit profesjonelt politi som betre speglar den etniske samansetjinga av landet. Vidare har sendelaget hjulpt makedonske styresmakter i arbeidet med å kjempe mot korrupsjon og organisert kriminalitet, mellom anna menneskehandel. Sendelaget arbeider òg med integrering av minoritetsgruppene i det makedonske samfunnet.

Det overordna målet for sendelaget i *Albania* er å støtte demokratiske reformer, fremje rettsstatsprinsippa og auke respekten for menneskerettane som ledd i arbeidet styresmaktene gjer for å bli ein fullverdig deltakar i dei euroatlantiske samarbeidsstrukturane. Sendelaget har dei seinare åra støtta opp om arbeidet med eigedomsreform, ny vallov, regional administrativ reform, styrking av rolla til parlamentet, kamp mot menneskehandel og korrupsjon, medieutvikling, utvikling av det sivile samfunnet, støtte innanfor politiarbeid og utdanning av grensepoliti. Sendelaget har òg bidrege til likestillingsreform og reform av fengselssystemet, betring i rettane til romfolket, betre vern av vitne og etablering av tilpassa varetaktsanlegg for unge lovbrytarar.

Sendelaget i *Montenegro* støttar reformarbeidet til styresmaktene for å oppfylle krava som vert stilte for full euroatlantisk integrasjon. Sendelaget bidreg til lovgjevingsreform og institusjonsoppbygging for å kjempe mot korrupsjon og organisert kriminalitet, politireform og støtte til frie

medium. Sendelaget arbeider òg med miljøvern og økonomisk utvikling. Det er eit nært samarbeid med Europarådet om å styrkje det regionale samarbeidet, medverke til utvikling av ny lovgjeving og auke respekten for menneskerettane og rettane til minoritetane.

2.2 Ukraina, Moldova og Kviterussland

Ukraina vart hardt ramma av finanskrisa og opplevde i 2009 og 2010 økonomisk og sosial tilbakegang. «Oransjerevolusjonen» i 2004 vart starten på ei markert vestorientering i ukrainsk utanrikspolitikk, mellom anna med ønske om NATO-medlemskap, og førte til eit spent forhold til Russland. Etter presidentvalet i byrjinga av 2010, der den tidlegare statsministeren Viktor Janukovitsj kom til makta, har sambandet med Russland vorte betre. Medan den tidlegare leiinga ønskte ukrainsk medlemskap både i NATO og EU, har kursen vorte justert etter presidentskiftet. President Janukovitsj held fast ved at EU-medlemskap framleis skal vere ei hovudprioritering i ukrainsk utanrikspolitikk, medan NATO-medlemskap, som aldri har vunne særleg oppslutning i folket, er teke av dagsordenen. Det er òg sett bom for denne saka gjennom ei lovendring som slår fast at Ukraina skal bli verande eit alliansefritt land. Etter år med store politiske omveltingar og uro ser no styringsevna til ukrainske styresmakter ut til å vere betre. Samstundes meiner delar av opposisjonen at det pågår ein uheldig maktkonsentrasjon.

Ukraina overtek i 2013 formannskapsrolla i OSSE. Prosjektkontoret til OSSE legg vekt på eit nært samarbeid med styresmaktene om å vidareutvikle demokratiet basert på rettsstatsprinsippa. Sendelaget arbeider med demokratisering og godt styresett, utvikling av rettsstaten og med økonomiske, miljømessige og politisk-militære prosjekt. Trygg destruksjon av det farlege rakettdrivstoffet «mélange» har vore det største OSSE-prosjektet i Ukraina. Her har Noreg òg bidrege med store beløp.

Den utanrikspolitiske hovudmålsetjinga for *Moldova* er integrasjon i EU, og EU har dei siste åra trappa opp støtta til landet. Den ikkje-kommunistiske regjeringskoalisjonen som kom til makta etter valet i 2009, har store ambisjonar om raskast mogeleg EU-integrasjon, og forhandlingane om ein assosieringsavtale med EU starta opp i januar 2010. Heller ikkje etter det framskunda parlamentsvalet hausten 2010 er det klart om ein no vil greie å samle tilstrekkeleg fleirtal i parlamentet til å få valt ein ny president og dermed løyse den

langvarige konstitusjonelle krisa. Det er framleis forhandlingar mellom dei ulike politiske grupperingane om kva som bør vere vegen vidare. Valresultatet har like fullt gjeve den ikkje-kommunistiske regjeringskoalisjonen grunnlag for å styre vidare, og EU-integrasjon vil framleis vere den fremste prioriteten. Moldova er det fattigaste landet i Europa og er prega av omfattande arbeidsutvandring. Innanrikspolitisk er difor økonomisk vekst, utvikling av rettsstaten, desentralisering av offentleg administrasjon og løysing av Transnistria-konflikten dei viktigaste prioriteringane. Verdsbanken og EU arrangerte i mars 2010 ein gjevarkonferanse for Moldova i Brussel, der det til saman vart lansert bidrag på 1 936 milliardar euro i perioden 2010–2013 med EU-kommisjonen og Verdsbanken som dei største gjevarene. Noreg lanserte et bidrag på omlag 2,6 millionar euro for 2011 som i hovudsak går til tiltak knytte til styrking av rettsapparatet og institusjonssamarbeid.

Den uløyste konflikten med utbrytarområdet Transnistria, der det meste av industrien ligg, er òg ei alvorleg hindring for økonomisk og sosial utvikling i landet. Trass i ei rekkje initiativ for å få i gang samtalar att om statusen til området har det så langt ikkje lukkast å få teke opp att dei formelle forhandlingane i 5+2-format (OSSE, Moldova, Transnistria, Ukraina, Russland + EU og USA), som ikkje har vore haldne på fire år. OSSE spelar ei sentral rolle i samtalanane om konflikten i Transnistria, men den langvarige innsatsen til organisasjonen har dei siste åra ikkje gjeve dei resultatata ein kunne ønskje.

Konflikten i Transnistria er òg viktig for CFE-avtalen. Under OSSE-toppmøtet i Istanbul i 1999 forplikta Russland seg til å trekkje resterande styrkar og materiell ut av Transnistria (og Georgia) som eit ledd i gjennomføringa av den tilpassa CFE-avtalen (dei såkalla Istanbul-forpliktingane). Tilbaketrekkinga av materiell frå Moldova stansa likevel opp i 2004. Noreg legg vekt på å oppmuntre partane til å gjere bruk av dei kanalane og verkemidla som finst for å løyse konflikten (CFE-avtalen vert omtalt under kap. 5.2).

Hovudoppgåva til sendelaget er å bidra til å konsolidere suvereniteten til Moldova, støtte forhandlingane om konflikten i Transnistria og å finne ei varig ordning for denne regionen. Sendelaget arbeider med eit breitt spekter av saker innanfor den menneskelege dimensjonen, mellom anna menneskerettar, minoritetsrettar, demokrati, frie medium og menneskehandel. Sendelaget har sidan 1999 handtert fjerning og destruksjon av russisk ammunisjon og militært utstyr. Arbeidet med å støtte styresmaktene i kampen mot men-

neskehandel og andre former for vald mot kvinner og barn er ei anna prioritert oppgåve. Sendelaget arbeider òg med å overvake individuelle menneskerettssaker. Moldovske styresmakter har eit tett samarbeid med OSSE-representantane i landet og gjer bruk av ekspertisen deira i reformarbeidet.

Frå norsk side yter vi eit substansielt bidrag til arbeidet med demokratisering, mellom anna gjennom utsendt juridisk fagpersonell frå Styrkebrønnen (NORLAM) som hjelper til i arbeidet med justissektorreform. Noreg bidreg òg til arbeidet OSSE gjer for å kjempe mot bruken av falske reisedokument gjennom finansiering av Interpol-databasen for tapte og stolne reisedokument i Moldova.

Det autoritære styret i *Kviterussland* har ikkje vist teikn til svekking, og situasjonen for menneskerettane er framleis svært kritikkverdig. Forfølging og trakassering av journalistar, opposisjonspolitikarar og andre representantar for det sivile samfunnet auka i omfang att i 2010. Presidentvalet i desember 2010 var ifølgje observatørar frå OSSE/ODIHR og andre europeiske organisasjonar langt frå frie og rettferdige. Styresmaktene opptredde svært brutalt med fysisk maktbruk og arrestasjon av opposisjonsleiarar og andre som protesterte mot utfallet av valet, og dette har vekt sterke reaksjonar frå EU, USA og Noreg. Frå norsk side vart det teke klar avstand frå handlemåten til dei kviterussiske styresmaktene. Som tilsvaer på dei internasjonale reaksjonane valde Kviterussland på slutten av 2010 å ikkje akseptere at mandatet for OSSE-sendelaget i Minsk vart forlenga. Avrettinga av to personar i mars 2010 stadfesta at Kviterussland er det einaste landet i Europa som framleis nyttar dødsstraff.

Forholdet mellom Kviterussland og OSSE har lenge vore spent som følgje av at styresmaktene har lagt sterke restriksjonar på verksemda til sendelaget. Sendelaget i Minsk arbeidde under svært vanskelege forhold, og all aktivitet vart kontrollert av styresmaktene. Nærværet til OSSE vart likevel sett på som viktig for å oppmuntre det sivile samfunnet, støtte demokratisering og overvake og rapportere om brot på menneskerettane. Avviklinga av nærværet vil gjere det vanskelegare for det internasjonale samfunnet å påverke utviklinga i landet.

Noreg deltok på ein gjevarkonferanse i Warszawa i februar 2011 for å styrkje koordineringa av politikken overfor Kviterussland og støtta til demokratisering i landet. Noreg vil, som EU-landa, innføre innreiserestriksjonar og frysing av finansielle midlar retta mot representantar for dei kvite-

russiske styresmaktene som har bidrege til valfusk, eller som hadde medansvar for dei brutale inngrepa frå styresmaktene under demonstrasjonane etter presidentvalet. Noreg aukar støtta til prosjektsamarbeid med Kviterussland frå 15 til 20 millionar kroner i 2011. Innsatsen rettar seg i første rekkje mot det sivile samfunnet og dei demokratiske kreftene i landet.

Noreg har saman med Tyskland og Finland støtta eit samarbeidsprosjekt mellom OSSE og kviterussiske styresmakter om styrkt grensekontroll, og saman med OSSE og UNDP har vi gått inn i eit prosjekt for å sikre forsvarleg lagring og handtering av handvåpen og tilhøyrande ammunisjon.

2.3 Sør-Kaukasus

Krigen i *Georgia* i august 2008 viste risikoen for open konflikt med bakgrunn i dei uløyste konfliktane i Kaukasus. Vanskelege naboforhold har stått i vegen for regionalt samarbeid og hemma utviklinga i området. Krigen i Georgia i 2008 førte til eit vanskeleg samarbeidsklima i OSSE, som framleis pregar arbeidet i organisasjonen, trass i fleire initiativ for å betre dialogen. Under toppmøtet i Astana i desember 2010 stranda forsøka på å få vedteke ein omfattande handlingsplan for det vidare arbeidet i OSSE nettopp på spørsmålet om suvereniteten og den territoriale integriteten til Georgia.

Den greske formannskapet forsøkte i 2009 å få til ei løysing som kunne sikre at OSSE framleis kunne vere til stades i heile Georgia. Dette lukkast ikkje og verksemda til OSSE i landet måtte difor avviklast sommaren 2009. Også under den kasakhstanske formannskapet i 2010 fortsette arbeidet med å få gjenoppretta eit OSSE-nærvær, utan at det førte fram. Også FN måtte avvikle det mangeårige arbeidet sitt i landet. I dag er dermed EU, med over 200 sivile observatørar, den viktigaste internasjonale aktøren i Georgia. OSSE spelar likevel ei rolle som medformann i den såkalla Genève-prosessen, som kom i gang hausten 2008. Samtalane vert førte mellom Georgia, utbrytarregionane og Russland og vert leidde av FN, EU og OSSE. USA deltek òg i desse samtalanane. Samtalane dreier seg dels om praktiske tiltak for konflikthandtering og dels om spørsmål knytte til situasjonen for flyktningar og internt fordrivne som er ramma av konflikten. Dei grunnleggjande spørsmåla om statusen til områda vert ikkje drøfta i Genève-prosessen. Det har vore regelmessige møte òg i 2010, utan at det har kome til noko gjennombrøt. Samtalane held fram i 2011.

Noreg støttar suvereniteten og den territoriale integriteten til Georgia og oppmodar partane om å respektere våpenkvileavtalen. Russland har ikkje oppfylt forpliktingane i avtalen om at russiske styrkar skulle trekkjast tilbake til dei posisjonane dei hadde før konflikten i august 2008. Vi har vidare uttrykt djup uro for den humanitære situasjonen i utbrytarregionane, og vi har fleire gonger bedt om at representantar for det internasjonale samfunnet må få tilgang til Sør-Ossetia. Det har vore enklare å få tilgang til Abkhasia. Noreg har dessutan støtta opp om innsatsen til formannskapet for å sikre OSSE eit meningsfylt nærvær i heile Georgia

Nagorno-Karabakh er folkerettsleg ein del av Aserbajdsjan, men har vore okkupert av armenske styrkar sidan ei våpenkvile tredde i kraft i 1994 etter fleire års konflikt. Armenia har òg kontrollen over ytterlegare sju provinsar, hovudsakeleg mellom Nagorno-Karabakh og Armenia. Det høge talet på internt fordrivne frå denne regionen utgjer eit omfattande problem for Aserbajdsjan. Fredsforhandlingane mellom Armenia og Aserbajdsjan finn stad i den såkalla Minsk-gruppa, som vert leidd av USA, Russland og Frankrike. OSSE støttar medformennene i Minsk-gruppa i forhandlingsprosessen, rapporterer om situasjonen og kjem med forslag til korleis det internasjonale samfunnet kan bidra til ei fredsløysing. OSSE er den einaste internasjonale organisasjonen med permanent tilgang til områda langs konfliktlinja.

Det er vanskeleg å sjå at konflikten vil kunne verte løyst på kort sikt, sjølv om felleserklæringa frå presidentane i dei to landa frå november 2008 var eit skritt i riktig retning. Her forplikta dei to statsleiarane seg til å intensivere forhandlingane om ei fredeleg løysing på konflikten og å vidareføre tillitsskapande tiltak. Dei møttest i alt fem gonger i løpet av 2009, og samtalanane vart vidareførte i 2010. I konfliktområdet har likevel spenninga auka. I 2010 var det fleire alvorlege samanstøytar med tap av menneskeliv. Regjeringa vil framleis støtte arbeidet OSSE gjer, og oppmuntrar begge partar til å finne ei fredeleg løysing på konflikten.

Den politiske situasjonen i *Armenia* er prega av polarisering og djup mistillit mellom regjering og opposisjon. Opposisjonen er svak og splitta, men det har så seint som i mars 2011 vore omfattande demonstrasjonar mot det sitjande styret. Armenia har store utfordringar med fattigdom, og landet vart hardt ramma av den globale finanskrisa.

Sendelaget frå OSSE gjev bistand til politireform, og reform av kriminalomsorga og justisapparatet står òg sentralt. Det vert lagt stor vekt på å

gje folk betre tilgang til rettssystemet, mellom anna gjennom opplæring av advokatar og påtale-makt. Armenia har eit stort behov for bistand til å handtere miljøutfordringar, og sendelaget bidreg òg til destruksjon av det svært miljøfarlege rakettdrivstoffet «mélange».

Utviklinga i *Aserbajdsjan* er prega av at landet vert stadig viktigare som eksportør av olje og gass. Samtidig står Aserbajdsjan overfor ei rekkje utfordringar når det gjeld demokratiske reformer, respekt for menneskerettane og frie medium, der utviklinga har vore negativ dei siste åra. Både medie- og forsamlingsfridomen er i praksis svært avgrensa, og det skjer hyppige overgrep mot journalistar. Parlamentsvalet hausten 2010 var skjemt av valfusk og bidrog ikkje til vidare demokratisering i landet.

OSSE-sendelaget har eit breitt mandat og arbeider særleg med spørsmål knytte til kampen mot korrupsjon, politireform og godt styresett på sentralt og lokalt nivå. Eit program for destruksjon av rakettdrivstoff er òg ein viktig del av arbeidet til sendelaget. Regjeringa vil i 2011 halde fram med å støtte opp om verksemda til OSSE i Aserbajdsjan, med særleg vekt på justisreform og frie medium. Tre juridiske ekspertar frå Styrkebrønnen var i 2010 sekunderte til OSSE i Aserbajdsjan, eit engasjement som held fram på noko lågare nivå i 2011.

2.4 Sentral-Asia

Som det første landet i regionen og som den første av dei tidlegare sovjetrepublikkane hadde Kasakhstan OSSE-formannskapet i 2010. Formannskapet bidrog til å auke merksemda om situasjonen i Sentral-Asia og dei asiatiske partnarlandane, særleg Afghanistan. OSSE-formannskapet vart dessutan brukt til å fremje rolla Kasakhstan spelar i regionen, og det internasjonale omdømmet til landet. Som formannskapsland var Kasakhstan aktiv i handteringa av krisa i Kirgisistan i 2010 og i arbeidet med å stabilisere forholda etter dei etniske samanstøytane i dette landet i juni. Det aktive formannskapsåret til Kasakhstan toppa seg ved at det første OSSE-toppmøtet på elleve år vart halde i Astana i desember 2010. Trass i avgrensa politiske resultat bidrog toppmøtet til styrka merksemd om OSSE og visjonane for samarbeidet.

Dei sentralasiatiske landa er uroa over at den ustabile situasjonen, nord i Afghanistan skal smitte over og spreie seg. Det er allereie tendensar til dette. Som formannskapsland var difor

Kasakhstan oppteken av å setje Afghanistan på dagsordenen i OSSE og ønskte at organisasjonen skulle trappe opp innsatsen i landet. Dette er ein ambisjon Noreg har støtta. Det har likevel vore vanskeleg å oppnå semje innanfor OSSE om ei slik styrking. Innsatsen inne i Afghanistan er dermed avgrensa til vallovgjeving. Samstundes har ein, innanfor både OSSE, IOM og UNODC, trappa opp arbeidet med grensetryggleik i regionen. Dette er eit arbeid Noreg støttar gjennom ulike kanalar. OSSE søkjer dessutan å fremje det regionale samarbeidet på område som grenseoverskridande vassforvaltning, rettstryggleik, grensetryggleik og narkotikakontroll.

Regjeringa legg vekt på å styrkje den regionale tilnærminga i bistanden til Sentral-Asia. Den norske innsatsen er retta mot område som demokratibygging, kamp mot fattigdom, berekraftig miljø- og ressursforvaltning, grensekontroll og kamp mot organisert kriminalitet. Noreg er dessutan ein stor bidragsytar til OSSE-akademiet i Bisjkek, som utdannar studentar frå heile regionen.

Kasakhstan står fram som det leiande landet i området og har med OSSE-formannskapet lukkast i å spele ei sentral regional rolle og i å fremje det internasjonale omdømmet sitt. Landet satsa store ressursar på å førebu og gjennomføre formannskapet på ein teknisk prikkfri måte. Også frå norsk side bidrog vi til førebuingane gjennom kursing av fleire kasakhstanske diplomatar i Noreg. Formannskapet fekk ein god start då OSSE, under kasakhstansk leiing, for første gong på mange år klarte å verte samde om budsjettet før budsjettåret byrja. Utanriksminister Saudabajev var ein særskilt aktiv OSSE-formann og gjennomførte ei rekkje besøk til dei mest sentrale aktørane og til regionar der OSSE er særleg aktiv.

Kasakhstan arbeidde allereie frå byrjinga av formannskapet for eit toppmøte i OSSE i 2010 og viste mellom anna til at det då ville vere 35 år sidan Sluttakta frå Helsingfors og 11 år sidan det førre toppmøtet under den norske formannskapet i 1999. Som ledd i førebuingane til eit toppmøte arrangerte Kasakhstan eit uformelt utanriksministermøte i Almaty i juli 2010.

Den kasakhstanske formannskapet synte stor handleevne i handteringa av krisa i Kirgisistan våren 2010. Allereie dagen etter at uroa braut ut, vart det utnemnd ein spesialrepresentant for Kirgisistan, og formannskapet stod sentralt i arbeidet med å overtale presidenten til å gje opp makta og forlate landet.

Kasakhstan har gjennom dei siste åra gjennomført ei rekkje politiske, økonomiske og sosiale reformer. I samband med tildelinga av OSSE-

formannskapet tok landet på seg klare forpliktingar om å vidareføre demokratiseringa og oppfylle OSSE-forpliktingane sine, mellom anna med omsyn til politiske parti, medium, valprosedyrar og lokalt sjølvstyre. Det vart vedteke ei rekkje lovendingar, men reformiveren kjølna i stor grad etter at formannskapet vart tildelt i 2007. Mykje står att når det gjeld demokratiutvikling, menneskerettar og frie medium.

OSSE-sendelaget har ytt eit omfattande bidrag til reformarbeidet, mellom anna gjennom rådgjeving om lovreformer og dialog med styresmakter og det sivile samfunnet. Sendelaget arbeider òg med reformer i justissektoren, tryggleiks- og tilittsskapande tiltak, styrking av grensetryggleiken og kampen mot terrorisme, i tillegg til aktivitetar som fremjar berekraftig utvikling og samarbeid om vassforvaltningsspørsmål. Noreg vil vidareføre støtta til demokratisering og betra styresett, i tillegg til kompetanseheving innanfor energi- og miljøsektoren.

Kirgisistan var lenge kjend som det mest opne og minst autoritære landet i Sentral-Asia, og det er det einaste som er medlem av WTO. Regimeskiftet etter revolusjonen i 2005 skulle opne for ein parlamentarisk styreform, men president Bakijev gjennomførte ei rekkje grunnlovsendingar som styrkte makta hans.

Under uroa i 2010 stod Kasakhstan sentralt i arbeidet med å overtale presidenten til å gje opp makta og forlate landet. Ei overgangsregjering under leiing av opposisjonsleiaren Rosa Otunbajeva lovde ny grunnlov basert på eit parlamentarisk styresett og snarlege val. Arbeidet til den nye regjeringa vart alvorleg forstyrra av ein serie blodige opptøyar og overgrep, særleg mot usbekiske minoritetar i dei sørlege regionane av landet, der den avsette presidenten hadde maktbasen sin. Usbekistan opna grensene sine for flyktningane, men avstod elles frå å kritisere dei nye styresmaktene i Kirgisistan.

Overgangsregjeringa utarbeidde med internasjonal støtte ei ny grunnlov som vart vedteken 27. juni 2010 ved ei folkeavstemming som gjekk føre seg i rolege former. Dei påfølgjande parlamentsvala, som vart haldne 10. oktober 2010, og var i samsvar med den nye lova, avdekte openberre konfliktlinjer mellom nord og sør i landet. Det tok lang tid før regjeringsforhandlingane vart avslutta. Den nye styreforma er ei nyskaping i landet, og gjer at Kirgisistan treng omfattande internasjonal bistand for å kunne utvikle seg til eit levedyktig demokrati.

OSSE har bidrege med eksperthjelp, men ut over den første raske formannskapsstyrte innsat-

sen viste det seg vanskeleg å verte samde i OSSE om den vidare praktiske oppfølginga. Av eit sett med fire tilrådde hjelpetiltak var det berre mogeleg å samle konsensus om utplassering av ei felles politirådgevingsgruppe. Tanken var at gruppa skulle bidra til å stabilisere situasjonen, særleg i dei områda i sør som var hardast råka av konflikten. Dette forslaget vart likevel ikkje godt motteke av opposisjonskreftene i sør, og det lét seg ikkje gjere å få samtykke til utplassering av rådgevingsgruppa før etter at parlamentsvala var haldne og den mest labile fasen var overstått. Politirådgevingsgruppa, som hjelper nasjonale kirgisiske politistyresmakter med å vareta tryggleiken for befolkninga og bidreg til det nasjonale politireformprogrammet, vart operativ i 2011. Noreg vil bidra økonomisk til dette programmet.

Noreg er blant dei økonomiske hovudbidragsytarane til OSSE-akademiet i Bisjkek, som har vært vere eit regionalt knutepunkt for undervisning og forskning. Akademiet har eit akademisk samarbeid med NUPI og har studentar frå heile regionen og frå Afghanistan. Vidare støttar Noreg OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar (HCNM) i arbeidet med mellomstatleg dialog om utdanning for minoritetar. Noreg gjev støtte til arbeidet OSSE gjer med tollopplæring i Bisjkek, der også afghanske tolltenestemenn vil kunne få opplæring. Noreg vil vidareføre støtta til politireform og andre reformprogram i Kirgisistan. Gjennom Statistisk sentralbyrå støttar Noreg utviklinga av eit einingsregister i landet.

Tadsjikistan er blant dei fattigaste landa i verda og er sterkt ramma av den internasjonale økonomiske krisa som særleg har råka dei mange utanlandsarbeidande tadsjikarane. Den politiske situasjonen er svært skjør, og regimet har berre delvis kontroll over dei dalføra som er dei viktigaste smuglarrutene for narkotika ut av Afghanistan. Opprørarar har dermed kunna gjennomføre alvorlege terroråtak mot regimet og overfor sivilbefolkninga fleire stader i landet, mellom anna i hovudstaden Dusjanbe. Etter ein serie overgrep frå gamle krigsherrar i og rundt Garm tilbød OSSE assistanse, som Tadsjikistan takka nei til. Utviklinga særleg i sørlege delar av landet er dermed urovekkjande. Forholdet til Afghanistan og dei utfordringane denne naboskapen medfører er avgjerande for tryggleik og stabilitet i landet. OSSE gjennomfører fleire prosjekt for å styrkje grensesamarbeidet med Afghanistan. Å styrkje innsatsen mot radikaliserings i Tadsjikistan, arbeid innanfor energitryggleik og støtte til ombodsmannsordninga er òg blant hovudprioriteringane for sendelaget. OSSE-sendelaget i Tadsjikistan

har sidan 2009 vorte leidd av nordmannen Ivar Vikki.

Norsk innsats i Tadsjikistan er retta inn mot godt styresett, styrkt grensetryggleik og kamp mot organisert kriminalitet. Noreg har i fleire år støtta arbeidet til sendelaget i kampen mot ulovlege handvåpen og sekondert ekspertar til dette arbeidet. Vidare støttar Noreg opp om det arbeidet Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) gjer i landet. Innanfor ramma av OSSE bidreg Noreg med støtte til eit patruljeringsprosjekt på grensa mot Afghanistan, og Noreg var den største bidragsytaren til etableringa av eit opplæringssenter i Dusjanbe om grensetryggleiks- og grenseforvaltningsspørsmål som vart sett i drift i 2009.

Turkmenistan er framleis eit av dei mest lukka landa i verda, sjølv om det er forsiktige teikn til auka deltaking i internasjonale fora. Samtidig har Turkmenistan knapt gjennomført reformer etter presidentskiftet i 2007. Situasjonen for opposisjonen og MR-forsvararar er svært vanskeleg, og landet har lang veg å gå før det oppfyller internasjonale forpliktingar og standardar. Energiressursane til landet gjev eit relativt godt økonomisk armslag, men problema med høg arbeidsløyse og undersysselsetjing, korrupsjon og narkotikamisbruk er store. Det vert no gjennomført enkelte forsiktige reformer innanfor utdanning, helse, økonomi og jordbruk, men det er langt att.

For å støtte dei få og forsiktige reformene styresmaktene har sett i verk, har sendelaget òg i 2010 lagt vekt på å bidra med ekspertise og erfaringar på område som grensetryggleik og forvaltning, lovgjevingsreformer og effektiv utnytting av vassressursane. Dette arbeidet vil verte vidareført. Sendelaget vil òg prøve å hjelpe turkmenske styresmakter med gjennomføring av internasjonale menneskerettsstandardar. Som det einaste sendelaget gjev det råd til innbyggjarar med individuelle menneskerettsklagar, og det har i tillegg støtta opp om etableringa av ei telefonlinje for offer av vald i nære relasjonar. Noreg støttar arbeidet til OSSE for å styrkje opplæringa av tolltenestemenn og samarbeidet om tollspørsmål mellom Turkmenistan og Afghanistan.

Usbekistan har eit autoritært styresett, der demokratiske rettar, rettsstaten og yringsfridomen står svakt. Landet har vore delvis isolert frå vestleg samarbeid sidan hendingane i Andijan i 2005. Usbekiske styresmakter har likevel vist teikn til ønske om auka internasjonalt samarbeid, og har tillete omfattande transport av humanitær, ikkje-militær bistand til Afghanistan gjennom landet. Usbekistan opptrådte forsiktig og konstruktivt

tipt i samband med overgrepa mot usbekiske minoritetar i Kirgisistan i juni 2010 og opna grensene for flyktingar og bidrog med assistanse. I 2009 vart det på usbekisk initiativ inngått eit nærare samarbeid med ODIHR. Det har vore nokre framsteg innanfor rettsreform, og ein del politiske fangar er sette fri, men situasjonen for menneskerettane og mangelen på rettsstat i Usbekistan er framleis urovekkjande.

Sendelaget vil halde fram med å leggje vekt på å hjelpe usbekiske styresmakter i gjennomføring av OSSE-prinsippa og -forplikningane, mellom anna utviklinga av det sivile samfunnet, fremjing av sosial og økonomisk utvikling og miljøvern, og kampen mot terrorisme, valdeleg ekstremisme og narkotikatrafikk. Samarbeidet mellom Noreg og Usbekistan har vore avgrensa, men vart noko styrkt siste år. Usbekistan har no for første gang utnemnt ein ambassadør til Noreg.

3 Samarbeid om demokrati og menneskerettar

Arbeidet OSSE gjer for vern av menneskerettane, utvikling av demokrati og styrking av rettsstatsprinsippa, er viktige bidrag til langsiktig stabilitet. I dette arbeidet står dei uavhengige OSSE-institusjonane – Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR), Høgkommisæreren for nasjonale minoritetar (HCNM), Kontoret til representanten for frie medium (FOM) og sendelaga – heilt sentralt. Noreg støttar verksemda til OSSE på dette området og ser det som særleg viktig at institusjonane får behalde den sjølvstendige rolla si, slik at dei kan vidareføre rolla si som vaktbikkjer med bakgrunn i objektivt formulerte mandat og utan politisk førehandsgodkjenning av enkeltaktivitetar. Noreg er òg oppteken av at OSSE må samarbeide nært med andre internasjonale organisasjonar, i første rekkje Europarådet og EU på desse områda.

Det har vore ein aukande tendens til direkte angrep og truslar mot menneskerettsforsvararar og journalistar i fleire OSSE-land. Noreg har teke til orde for at OSSE bør styrkje arbeidet for å støtte menneskerettsforsvararar og har aktivt støtta opp om FOM, som har peikt på mange overgrep mot journalistar.

3.1 Valobservasjon og valstandardar

Arbeidet til ODIHR for å hjelpe land med å oppretthalde OSSE-standardar knytte til demokrati og gjennomføring av frie og rettferdige val er ein sentral del av samarbeidet i OSSE. Det er likevel ikkje semje om kor stor grad av sjølvstende ODIHR skal ha i arbeidet sitt, særleg når det gjeld arbeidet med valobservasjon og valstandardar. Noreg har gjentekne gonger forsvart autonomien til dette kontoret. Noreg gjev òg økonomiske bidrag til arbeidet kontoret gjer med å fremje grunnleggjande menneskerettar og rettsstatsprinsipp og deltek i fleire av dei større valobservasjonane.

Russland ønskjer at deltakarlanda i større grad skal styre arbeidet til ODIHR ved å vedta detaljerte reglar for valobservasjon. Dette er vurderingar som ODIHR i dag gjer sjølv, og kontoret har utvikla ein svært omfattande og internasjonalt

anerkjend metodikk for observasjon og vurdering av hele valprosessen. Dei russiske ideane vart nedfelte i eit eige konseptdokument i den uformelle Korfu-prosessen, der ein tok til orde for ein kraftig reduksjon i størrelsen på observasjonsteama og for ein standardisering av metodikken slik at same framgangsmåten kunne brukast både i vestlege og austlege medlemsland. Konseptdokumentet vart lagt fram på vegner av Armenia, Kviterussland, Russland, Tadsjikistan og Usbekistan, altså av ei gruppe land som aldri har klart å leve opp til OSSE-forpliktingane sine i valsamanheng. Noreg var på si side initiativtakar og, saman med Danmark, Frankrike, Luxemburg, Nederland, Slovenia, Ungarn og USA, medforslagsstillar til eit rumensk konseptdokument om institusjonalisering av oppfølginga av forbettringsforslag frå valobservatørane. Dette var mellom anna basert på erfaringane frå samarbeidet mellom Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og ODIHR om oppfølging av slike tilrådingar etter observasjonen av stortingsvalet i Noreg i 2009. KRD presenterte erfaringane med samarbeidet for den relevante fagkomiteen i OSSE våren 2010.

ODIHR gjennomførte 20 valobservasjonar i 2010. Noreg deltok i 8 valobservasjonar med totalt 22 korttidsobservatørar og 10 langtidsobservatørar. Observatørane vart rekrutterte og sende ut via beredskapsmekanismen, NORDEM.

Parlamentarikarforsamlinga i OSSE spelar ei viktig rolle i valobservasjon. I ein situasjon der valobserveringa er under stort press frå enkelte deltakarland, er det viktig å få til eit styrkt samarbeid mellom parlamentarikarforsamlinga og ODIHR på ein slik måte at det ikkje svekkjer metodane ODIHR bruker ved valobservasjon.

3.2 Menneskehandel og seksuell utnytting av barn

Menneskehandel er ei utfordring for alle OSSE-land, anten som opphavs-, transitt- eller mottakarland. Den mest utbreidde forma for menneskehandel i OSSE-området er kvinner og barn som vert utnytta til prostitusjon og andre seksuelle for-

mål. Det er òg eit aukande problem at stadig fleire vert tvinga inn i slaveliknande arbeidsforhold. OSSE samarbeider nært med andre internasjonale organisasjonar og aktørar i kampen mot menneskehandel. Særleg sendelaga på Vest-Balkan og i Moldova har fokus på menneskehandel, og dei arbeider for å auke merksemda i vertslanda kring denne problemstillinga. I tillegg yter dei hjelp til offer og forsøker å bidra til å styrkje etterforskinga av menneskehandelssaker. Dei støttar dessutan vertslanda i utarbeidinga av handlingsplanar for kamp mot menneskehandel. Det arbeidet som OSSEs spesialrepresentant for menneskehandel gjer, vert stadig meir synleg i deltakarlanda.

Noreg er ein pådrivar for kampen OSSE fører mot menneskehandel, basert på handlingsplanen til regjeringa for ein koordinert innsats for å stoppe handelen med menneske og for å sikre ofra hjelp og vern. På dette området er det eit utbreitt samarbeid mellom OSSE og Europarådet, som har fått på plass en ny overvåkingsmekanisme.

3.3 OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar

Knut Vollebæk har sidan sommaren 2007 vore OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar (High Commissioner on National Minorities – HCNM). HCNM arbeider i område med potensielle etniske konflikter og forsøker å forhindre slike konflikter gjennom stille diplomati på høgaste nivå. Høgkommissæren besøkjer regelmessig særleg Sentral-Asia, Sør-Kaukasus, Vest-Balkan og Baltikum, men òg fleire EU-land.

Basert på dei forpliktingane deltakarlanda i OSSE har teke på seg, har HCNM lagt etablerte normer til grunn for balanserte løysingar tilpassa ulike lokale og regionale utfordringar. Samtidig har HCNM hjulpet land i utforminga av nasjonal lovgjeving. HCNM har òg sendt ut ulike tematiske retningslinjer knytte til minoritetane sine rettar innanfor mellom anna utdanning, språk, deltaking i samfunnet og medium og i møte med politiet.

Høgkommissæren presenterte i juni 2008 eit sett tilrådingar for behandling av minoritetsspørsmål i mellomstatlege forhold, dei såkalla Bolzano/Bozen-tilrådingane. Her vert ansvaret statane har

for å verne nasjonale minoritetar innanfor eigen jurisdiksjon, framheva. Høgkommissæren understrekar vidare at statane må respektere suvereniteten og den territoriale integriteten til andre statar og overhalde folkeretten dersom dei føretek seg noko for å verne, forsvare eller støtte nasjonale minoritetar utanfor eigen jurisdiksjon.

Høgkommissæren tok hausten 2008 til orde for at tilrådingane hans på sikt bør gjerast politisk bindande. Grunnen til dette er at fleire konflikter i OSSE-området er knytte til minoritetsspørsmål. Det er ikkje tilstrekkeleg å fokusere på rustingskontroll og «hard tryggleik». Det må takast tak i dei underliggjande årsakene til konflikter. Noreg har teke initiativ til å oppgradere desse tilrådingane og gjere dei meir bindande, og Noreg fikk i den uformelle Korfu-prosessen aktiv støtte frå ei rekke land. Det er likevel framleis ingen konsensus om dette.

Høgkommissæren besøkte fleire gonger Kirgisistan under krisa i landet i 2010 og rapporterte til OSSE om observasjonane sine i etterkant av overgrepa mot i hovudsak usbekiske minoritetar i Sør-Kirgisistan. For første gong sidan 1999 kom Høgkommissæren med ei formell åtvaring om situasjonen («early warning») som førte til auka OSSE-engasjement i konflikten. Han har på same måten i 2010 besøkt okkuperte område i Georgia, inkludert Sør-Ossetia.

Høgkommissæren vil arbeide vidare innanfor mandatet sitt for å fremje integrasjon og berekraftig sameksistens med sikte på å førebyggje konflikter der nasjonale minoritetar er involverte. Regjeringa vil vidareføre støtta til arbeidet høgkommissæren gjer, mellom anna økonomisk støtte.

3.4 Representanten for frie medium

Dunja Mijatovi frå Bosnia-Hercegovina overtok våren 2010 stillinga som representant for frie medium. Mijatovi har stått fram som ein aktiv forsvargar av fri rett til informasjonsutveksling innanfor nye medium, i tillegg til at ho aktivt har peika på forsøk på innskrenking i ny mediellovgjeving og på overgrep mot journalistar og mangelfull etterforsking av slike overgrep. Noreg har aktivt støtta opp om arbeidet til medierepresentanten både politisk og økonomisk.

4 Økonomisk og miljømessig samarbeid

Arbeidet med økonomiske og miljømessige spørsmål er ein del av den breie tilnærminga OSSE har til konfliktførebygging. Ei hovudoppgåve er å identifisere og møte økonomiske og miljømessige utfordringar som kan utgjere ein trussel mot tryggleiken i OSSE-området. Arbeidet har vore konsentrert om område som godt styresett, koplinga mellom miljø og tryggleik, mellom anna regionalt samarbeid om grenseoverskridande vassforvaltning, migrasjon og transport- og energitryggleik.

Den kasakhstanske OSSE-formannskapet gjorde transporttryggleik til eit prioritert område i 2010. Landtransport med fokus på betre tryggleik, godt styresett relatert til effektiv og sikker grensepassering og tilrettelegging for ein meir effektiv veg- og jernbanetransport i Sentral-Asia var òg hovudtema under den årlege konferansen om økonomiske og miljømessige spørsmål. OSSE har kompetanse som er relevant for å sikre ei profesjonell og effektiv gjennomføring av grensekontrollprosedyrar, mellom anna innanfor opplæring. Derimot er det meir marginalt kva organisasjonen kan bidra med når det gjeld å møte andre og meir generelle utfordringar som transportsektoren står overfor i Sentral-Asia og andre delar av OSSE-området.

Energitryggleik har òg i 2010 stått på dagsordenen for arbeidet i OSSE med økonomiske og miljømessige spørsmål. Som oppfølging av ein større konferanse i Bratislava i juli 2009 vart det arrangert eit oppfølgingsseminar på ekspertplan i Vilnius i september 2010 som fokuserte på eksisterande juridiske og kommersielle rammeverk, sikring av auka investeringar innanfor energisektoren, vurdering av eksisterande infrastruktur, vern mot terrorangrep og vidareutvikling av mekanismar for tidleg varsling. OSSE *kan* ha ein nyttig funksjon som møteplass for ein brei diskusjon om energitryggleik, men det er stor skepsis frå ei rekkje deltakarland til kva meirverdi organisasjonen har samanlikna med andre organ med langt større ekspertise og operativ evne. Noreg deler denne skepsisen.

Madrid-erklæringa frå 2007 om miljø og tryggleik legg vekt på at OSSE, som ein regional tryg-

gingsorganisasjon i samsvar med kapittel VIII i FN-pakta, har ei utfyllande rolle å spele når det gjeld utfordringa frå klimaendringane. Tidlegare formannskapar (Hellas i 2009 og Finland i 2008) ønskte å setje konsekvensane av klimaendringar for tryggleiken på OSSE-dagsordenen og fekk brei støtte mellom anna frå EU. Det har likevel ikkje lukkast å oppnå konsensus om å mobilisere OSSE i arbeidet med desse spørsmåla, og den kasakhstanske formannskapet gav lita merksemd til spørsmålet. OSSE har likevel kunna samarbeide nært med relevante aktørar – mellom andre FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE), FNs utviklingsprogram (UNDP), FNs miljøprogram (UNEP) og NATO om gjennomføringa av meir enn 50 prosjekt som fokuserer på forholdet mellom miljø og tryggleik. Noreg bidreg med støtte til ulike prosjekt.

Deltakarlanda gjekk i 2009 gjennom OSSE sitt arbeid med økonomiske og miljømessige spørsmål. Evalueringa munna ut i ei brei semje om at OSSE først og fremst kan spele ei *komplementær* rolle i samband med innsatsen som vert gjort i andre internasjonale fora. Evalueringa vart i 2010 følgd opp med mindre endringar for mellom anna å samkøyre arbeidet innanfor denne dimensjonen med dei andre aktivitetane til OSSE. Det er òg semje om å arrangere eit større møte hausten 2011 for å gå gjennom korleis deltakarlanda har gjennomført forpliktingane sine innanfor den økonomiske og miljømessige dimensjonen.

Det er oppnådd semje om at berekraftig energi, mellom anna energieffektivitet og fornybar energi, og transporttryggleik skal stå i sentrum for arbeidet i OSSE med økonomiske og miljømessige spørsmål i 2011. I tillegg vil den litauiske formannskapet prioritere arbeidet med transport- og energitryggleik, men med eit tydelegare fokus på miljøaspekt.

Regjeringa meiner at OSSE har ei rolle når det gjeld økonomiske og miljømessige problemområde som stiller deltakarlanda overfor utfordringar innanfor tryggleik. Noreg støttar eit initiativ frå Frankrike og andre EU-land om å styrkje evna i OSSE til tidleg varsling av tryggleiksmessige konsekvensar av økonomiske og miljømessige kriser.

Samtidig har organisasjonen knappe ressursar, og det er viktig at OSSE legg vekt på å konsentrere arbeidet om område der organisasjonen har faglege fortrinn. Ein må unngå å duplisere arbeidet som vert gjort i andre internasjonale fora og

organisasjonar. Regjeringa meiner at samanhengane mellom miljø, klima og tryggleik framleis vil vere viktige for OSSE. Det same gjeld energi- og migrasjonsspørsmål der desse er viktige for tryggleiken til deltakarlanda.

5 Politisk-militært samarbeid

Det var auka aktivitet og dialog innanfor den politisk-militære dimensjonen i OSSE siste halvår i 2010. Dei siste åra før hadde den russiske «suspensjonen» av avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (*CFE-avtalen*) i desember 2007 og krigen mellom Russland og Georgia i august 2008 i stor grad sett sitt preg på arbeidet. Det som bidrog til den positive utviklinga var vedtaket på ministermøtet i Aten i desember 2009 om å arbeide for å styrkje *Wien-dokumentet frå 1999* og den auka innsatsen for å gje nytt liv til CFE-avtalen som NATO innleidde med eit utkast til nytt rammeverk for europeisk tryggleik i juli 2010. Vedtaket om å arrangere eit OSSE-toppmøte i Astana og arbeidet med å presentere konkrete resultat til møtet har òg i stor grad bidrege positivt til dialogen og arbeidet i den politisk-militære dimensjonen.

Sjølv om mange av truslane i dag stammar frå internasjonal terrorisme, organisert kriminalitet, interne maktkampar og etniske eller religiøse konflikhtar, er konvensjonell rustingskontroll og tryggleiks- og tillitsskapande tiltak i Europa framleis svært viktige faktorar for europeisk tryggleik. Likevel må dei verkemidla organisasjonen har til disposisjon, til kvar tid vere tilpassa dei politiske og militære realitetane. Arbeidet for å modernisere CFE-avtalen og Wien-dokumentet er avgjerande for å oppretthalde eit sett av truverdige og funksjonelle tryggleiks- og tillitsskapande tiltak.

OSSE står internasjonalt langt framme i utviklinga av eit multinasjonalt rammeverk mot ulovleg handel med handvåpen. Arbeidet baserer seg på handvåpendokumentet frå 2000, og det er oppretta ein samarbeidsmekanisme for å søkje å nå lik standard i alle deltakarland. I 2010 vart det òg vedteke at deltakarland i OSSE som eit eingongsfenomen skal utveksle informasjon om gjennomføringa av OSSE-prinsippa for handel med handvåpen.

OSSE bidreg òg til sikring og destruksjon av konvensjonell ammunisjon som til dels er dårleg sikra, uforsvarleg lagra, gått ut på dato og/eller ustabil. Ammunisjonen er òg ofte eit stort miljøproblem som hemmar lokal økonomisk utvikling. Det er difor viktig å få denne ammunisjonen raskt under kontroll og å destruere overskotet. Ei

rekke deltakarland har bedt OSSE om støtte til destruksjon av overskotslager. Noreg vidareførte i 2010 støtta til eit sikringsprosjekt for handvåpen i Kviterussland og bidrog òg med finansiell støtte til eit prosjekt for demilitarisering og sikker lagring av handvåpen i Montenegro.

OSSE er på same måten engasjert i destruksjon av gammalt, giftig rakettdrivstoff (såkalla *mélange*). Dette utgjer eit stort miljøproblem i fleire OSSE-land, blant anna fordi lagringstankane har byrja å lekke og forureine grunnvatnet. Noreg har i 2010 gjeve økonomisk støtte til destruksjon av slikt rakettdrivstoff i Ukraina. Regjeringa vil støtte arbeidet OSSE gjer vidare for å hindre spreieing av handvåpen og bidra til destruksjon av ammunisjon og rakettdrivstoff.

5.1 Konvensjonell nedrusting

OSSE har utvikla ei rekke tillits- og tryggleiksskapande tiltak, mellom anna gjensidig utveksling av informasjon om forsvarsplanlegging, stridskrefter, våpensystem og aktivitetar. Ei viktig plattform for dette arbeidet er *Wien-dokumentet frå 1999*. Informasjonen som kvart enkelt land er forplikta til å dele kvart år, vert verifisert gjennom inspeksjonar og evalueringsbesøk.

Under Wien-dokumentet vart det i 2010 gjennomført totalt 97 inspeksjonar og 48 evalueringsbesøk i OSSE-området. Av desse har Russland, som i tidlegare år, stått for gjennomføringa av omlag ein tredel. I tillegg er det i løpet av 2010 arrangert ni besøk til militære installasjonar, åtte besøk til militære flybasar og seks demonstrasjonar av nye våpensystem. Frå norsk side har vi i 2010 gjennomført ei evaluering til Kirgisistan og motteke ein inspeksjon og ei evaluering frå Russland. Det er venta at aktiviteten vert vidareført på same nivået i 2011.

Wien-dokumentet har vore meir eller mindre uendra sidan 1999, og fleire forhold og føresegner reflekterer ikkje utviklinga dei siste ti åra. Vedtaket på OSSE-ministermøtet i Aten i desember 2009 om å sjå på korleis dokumentet kan styrkjast, var difor særst viktig. Arbeidet med å oppdatere

dokumentet har i løpet av 2010 kome godt i gang, både med semje om dei praktiske detaljane for ei fortløpande oppdatering og med semje om dei første tekniske oppdateringane. Det står likevel att mykje arbeid før dokumentet fullt ut kan seiast å reflektere dei militære realitetane, og regjeringa vil støtte dette arbeidet gjennom aktiv norsk deltaking.

Avtalen om opne luftrom (Open Skies-avtalen) tredde i kraft i 2002. Føremålet med avtalen er å skape større transparens gjennom gjensidig opning av luftrommet til landa for eit avtalt tal på årlege overflygingar med fly utstyrt med bestemte sensorar. Det er 34 statspartar til avtalen, og han dekkjer eit vidare geografisk område enn Wien-dokumentet frå 1999 og CFE-avtalen («frå Vancouver til Vladivostok»). Med avtalen om opne luftrom vert det opna for større grad av innsyn i og openheit kring forhold på bakken i land som er av interesse. Slik støttar han opp om verifikasjonsarbeidet under andre avtalar og om tillits- og tryggleiksskapande tiltak. Flygingane vert i stor grad gjennomførte i fellesskap mellom to eller fleire statspartar, og samarbeidet mellom alle medlemslanda er velutvikla og godt. I 2010 vart det gjennomført totalt 102 flygingar under avtalen. Noreg gjennomførte tre flygingar over Russland og ei flyging over Ukraina og mottok éi russisk flyging. Det er venta at aktiviteten held fram på same nivå i 2011.

Den såkalla *åtferdskodeksen for politisk-militære tryggleikssaspekt* frå 1994 omhandlar forpliktingar om mellom anna avkall på militær maktbruk eller truslar om slik maktbruk og samarbeid om kamp mot terrorisme. Føremålet med åtferdskodeksen er òg å bidra til demokratisk kontroll av væpna styrkar i heile OSSE-området.

I tillegg overvakar og verifiserer OSSE destruksjon av og restriksjonar på tyngre våpen for Bosnia-Hercegovina, Kroatia, Montenegro og Serbia. Gjennomføringa har òg i 2010 gått rutinemessig føre seg og bidrege til ytterlegare normalisering mellom partane. Noreg har òg i 2010 støtta dette regimet med inspektørar i samband med to av inspeksjonane i området.

5.2 CFE-avtalen

CFE-avtalen tredde i kraft i 1992 og omfattar alle dåverande statar i NATO og Warszawa-pakta. Hovudføremålet med avtalen var å redusere sjansane for et overraskingsangrep. Dette skulle skje ved å avgrense dei offensive militære kapasitetane til partane og skape balanse i det konven-

sjonelle styrkeforholdet. Det vart etablert eit omfattande informasjons- og verifikasjonsregime for å sikre at avtalen vart etterlevd. CFE-avtalen har mellom anna medverka til at over 64 000 tyngre våpen i Europa vart fjerna, og har såleis vore ein absolutt suksess.

I 1999 vart det vedteke ein ny avtale som var betre tilpassa dei endra tryggingpolitiske realitetane i Europa. Den tilpassa CFE-avtalen ville tre i kraft når alle dei 30 statspartane hadde ratifisert, men ratifikasjonsprosessen har aldri kome i gang på vestleg side fordi føresetnaden om tilbaketrekking av russisk personell og utstyr frå Georgia og Moldova (dei såkalla Istanbul-forpliktingane frå toppmøtet i 1999) ikkje er oppfylte. Russland «suspenderte» frå og med 12. desember 2007 etterlevinga av dei operative forpliktingane sine etter CFE-avtalen. Dette vart hovudsakeleg grunngeve med at Vesten ikkje hadde ratifisert den tilpassa CFE-avtalen, restriksjonar for utplassering av russiske styrkar i flankeområda til avtalen og utvidinga av NATO. Russland meiner dessutan at CFE-avtalen ikkje lenger er i tråd med dei tryggingpolitiske realitetane i Europa i dag.

Etter meir enn to års stillstand vart det ved inngangen til 2010 innleidd ein diskusjon blant NATO-landa om korleis avtalen kunne få nytt liv. Dette førte til at NATO i juni 2010 presenterte eit utkast til nytt rammeverk for konvensjonell rustingskontroll i Europa. Utspellet vart starten på ei rekkje møte i Wien i såkalla «36-format» (dei 30 statspartane til CFE-avtalen og dei seks nyaste NATO-landa: Albania, Estland, Kroatia, Latvia, Litauen og Slovenia). I tillegg vart den bilaterale dialogen mellom USA og Russland om konvensjonell rustingskontroll intensivert etter slutføringa av START-avtalen. Dei pågåande forhandlingane i Wien gjeld i første omgang eit kortfatta mandat for vidare forhandlingar om eit modernisert regime for konvensjonell rustingskontroll i Europa. Det er likevel ikkje semje om vidare forhandlingar skal dreie seg om ein revisjon av den juridisk bindande CFE-avtalen eller sikte mot eit nytt politisk forpliktande regime for konvensjonell rustingskontroll i Europa som skal erstatte CFE. Andre sentrale stridspunkt i forhandlingane gjeld dels spørsmålet om vertslandssamtykke ved utstasjonering av styrkar og omtalen av aktuelle politiske konflikter, dels kravet frå NATO-landa om russisk iverksetjing av den gjeldande CFE-avtalen i forhandlingsfasen. Det ser likevel ut til å vere semje om at dei tre komponentane i den opphavlege CFE-avtalen – restriksjonar på konvensjonelle styrkar; innsyn gjennom utveksling av informasjon om militær struktur, materiell og perso-

nell; og høve til verifikasjon ved inspeksjonar av militære avdelingar, har hatt stor tillitsskapande verdi og bør vidareførast.

CFE-avtalen har gjeve Noreg god oversikt over kva som finst av stridsvogner, pansra køyretøy og artillerieiningar i nærområda våre i nord. Dette har bidrege til å gjere situasjonen meir føreseieleg, noko som har vore viktig for nasjonal forsvarsplanlegging. I tillegg til den konkrete militærfaglege nytta bidreg informasjon og verifikasjon til ein generell politisk-militær innsynskultur og til auka kontakt og forståing på mange nivå, ikkje minst mellom militære.

Regjeringa har gjeve arbeidet med å live opp att CFE-avtalen høg prioritet og har samarbeidd nært med dei andre allierte i NATO. Det vart i 2010 gjennomført i alt 83 CFE-inspeksjonar. Som i føregående år av slo Russland alle førespurnader om inspeksjonar og viste til at dei hadde suspendert avtalen. Noreg gjennomførte éin inspeksjon til Kviterussland og éin inspeksjon til Ukraina, men mottok sjølv ingen CFE-inspeksjon. Aktiviteten er venta å halde fram på same nivået så lenge den russiske «suspensjonen» varar.

5.3 Tryggingssektorreform

OSSE gjer ein omfattande innsats når det gjeld tryggingssektorreform og bidreg særleg til politireform og -utdanning, auka demokratisk kontroll med tryggingstyrkane og justissektorreform. Arbeidet til OSSE på politiområdet omfattar ekspertrådgjeving, fagleg bistand og utvikling av ansvarlege nasjonale polititenester som hjelper og vernar innbyggjarane. OSSE-sendelaga er òg involverte i utviklinga av nasjonale lovverk i dei respektive vertslanda. Deltakarlanda vart i 2009 einige om å gjennomgå erfaringane med politisamarbeidet med tanke på å utarbeide ein strategisk plan for innsatsen på dette området. Som ledd i dette arbeidet vart overordna sider ved politiarbeidet hovudemne på det årlege møtet for politiekspertar i deltakarlanda i mai og eit sentralt tema under den årlege tryggleikskonferansen i juni.

Det store fleirtalet av OSSE-sendelaga bidrog til arbeidet på politiområdet i 2010. Dei største politiprogramma er på Vest-Balkan, men det er òg etter kvart sett i verk program i Sentral-Asia, Sør-Kaukasus og Aust-Europa. Arbeidet er delvis finansiert gjennom frivillige midlar. Deltakarlanda i OSSE vart i november 2010 samde om å styrkje samarbeidet med Kirgisistan om politireformer og vedtok å utvide sendelaget med inntil 30 interna-

sjonalt rekrutterte polititenestemenn og 27 lokalt tilsette. Dette mandatet opnar òg for monitoring. Regjeringa vil vidareføre støtta til innsatsen OSSE gjer for tryggingssektorreform.

5.4 Grensetryggleik

Under ministermøtet i 2005 vart deltakarlanda einige om eit OSSE-konsept for grensetryggleik og forvaltning av grensek kontroll. Føremålet med konseptet er å fremje samarbeidet mellom grense- og tollstyresmakter og leggje til rette for rørsle av menneske, varer, tenester og investeringar over landegrensene innanfor lovlege rammer. Deltakarlanda samarbeider om reisedokument og visum, med lettare visumregime som eit langsiktig perspektiv, og vil òg samarbeide om å kjempe mot terrortruslar og å førebyggje og kjempe mot organisert kriminalitet, mellom anna handel med menneske, narkotika og våpen og ulovleg migrasjon. I 2006 vart det etablert eit nettverk av nasjonale kontaktpunkt for grensespørsmål for å lette informasjonsutvekslinga mellom deltakarlanda.

OSSE har dei seinare åra i aukande grad fokusert på grensetryggleik i Sentral-Asia, og spesielt langs grensa mot Afghanistan. Ønsket om å trappe opp innsatsen frå OSSE til støtte for tiltak for å sikre grensene mellom deltakarlanda i Sentral-Asia og Afghanistan er eit viktig element i vedtaket frå 2007 om OSSE-engasjementet overfor Afghanistan. Vedtaket legg òg vekt på å trekkje afghanske motpartar sterkare med i verksemda til OSSE, mellom anna i arbeidet med grensetryggleik og grensek kontroll.

OSSE har dei siste par åra gjennomført ei rekkje prosjekt for å styrkje grensetryggleiken og grenseforvaltninga i dei sentralasiatiske landa, mellom anna gjennom å utarbeide nasjonale grensestrategiar og gjennomføre opplæring i patruljeringsverksemd og tollkontroll. Eit regionalt senter for grensetryggleik og grenseforvaltning er oppretta i Dusjanbe, der Noreg har vore ein av dei viktigaste bidragsytarane. I tilknytning til sendelaget i Bisjkek vert det gjeve omfattande opplæring av tolltenestemenn frå regionen, mellom anna frå Afghanistan.

Tryggleik og stabilitet i Afghanistan på lang sikt er svært viktig for OSSE-området, og særleg for landa i Sentral-Asia der dei nasjonale kapasitetane er svakast. Smugling av våpen, narkotika og menneske har ein destabiliserande effekt på landa i regionen og har òg ein negativ effekt på Noreg. Regjeringa legg stor vekt på arbeidet OSSE gjer innanfor grensetryggleik og grenseforvaltning. I

tillegg til støtte til eit grensetryggleiksprosjekt i Kviterussland har Noreg bidrege med støtte til prosjekt i Tadsjikistan, Kirgisistan og Turkmenistan.

5.5 Kamp mot organisert kriminalitet

OSSE har dei siste åra styrkt innsatsen mot organisert kriminalitet. Gjennom den breie og heilskaplege tilnærminga til tryggleik og nærværet i ei rekkje land kan OSSE bidra med langsiktige preventive tiltak. Bidraget frå organisasjonen ligg særleg i å yte støtte til spesialiserte organisasjonar og deltakarlanda i arbeidet med å styrkje kampen mot denne forma for kriminalitet, mellom anna gjennom nettverksbygging, informasjonsutveksling og kapasitetsoppbygging. Det har vorte vigd særleg merksemd til ulovleg handel med narkotika, ikkje minst frå Afghanistan. Sidan 2007 har vel 80 afghanske polititeneestemenn fått opplæring i kamp mot ulovleg narkotikahandel i OSSE-regi. OSSE har i stadig større grad sett trusselen frå auka datakriminalitet på dagsordenen. Organisasjonen har òg bidrege til å få utarbeidd ei rekkje manualar og handbøker til bruk i arbeidet med å effektivisere kampen mot kriminalitet.

Noreg har støtta dette arbeidet aktivt og tok i 2007 initiativ til eit tettare samarbeid mellom OSSE og FN-kontoret mot narkotika og kriminalitet (UNODC), der organisasjonen støtta eit program for å bidra til at dei sentralasiatiske deltakarlanda vert sette betre i stand til å gjennomføre forplikingane i FN-konvensjonen for kamp mot organisert kriminalitet (UNTOC). Dette arbeidet har møtt stor interesse i regionen. Noreg har òg bidrege til eit regionalt opplæringsprogram for polititeneestemenn frå landa på Vest-Balkan om tiltak mot datakriminalitet.

5.6 Kamp mot terrorisme

FN-pakta, resolusjonar frå FN's tryggingråd, protokollar og konvensjonar utgjer den politiske og juridiske ramma for arbeidet OSSE gjer mot terrorisme. OSSE har sett det som eit særleg ansvar å bidra til at alle deltakarlanda sluttar seg til dei internasjonale rettsinstrumenta (i første rekkje FN-konvensjonar og protokollar) for kamp mot terrorisme.

I tråd med det utvida tryggleiksomgrepet spenner innsatsen til OSSE frå førebyggjande tiltak for å betre dei sosioøkonomiske forholda til spørsmål om respekt for menneskerettar, politisk deltaking og inkludering. Organisasjonen har følgjeleg ei brei tilnærming basert på ei forståing av at ein ikkje kan oppnå ein effektiv kamp mot terrorisme utan full respekt for grunnleggjande menneskerettar. Den dåverande greske formannskapet arbeidde i 2009 for å få så mange OSSE-land som mogeleg til å slutte seg til dei internasjonale rettsinstrumenta som finst på området, og lukkast med å få tilslutning til dette under ministermøtet i Aten. Dette arbeidet vart følgt opp under den kasakhstanske formannskapet i 2010. Det same gjeld tiltak for å styrkje tryggleiken for reisedokument, som OSSE har vigd spesiell merksemd gjennom fleire år.

Ei rekkje kapasitetsbyggjande program er sette i verk for å fremje den internasjonale rettsordenen og styrkje juridisk samarbeid i kriminalsaker. Vidare bidreg organisasjonen til å skape politisk tilslutning til nye initiativ og tener som plattform for samarbeid mellom tekniske ekspertar frå deltakarlanda og spesialiserte organisasjonar. Føremålet er å stimulere til internasjonalt samarbeid og identifisere mottiltak mot terrorisme, i tillegg til å forhindre dobbeltarbeid gjennom samarbeid med andre regionale institusjonar.

Det er eit utstrekt samarbeid med ICAO, INTERPOL, WCO, UNODC og IAEA, som ser OSSE som ein viktig politisk støttespelar for utvikling av standardar, tilrådingar og tiltak, og som – ikkje minst gjennom feltkontora – gjev praktisk bistand til gjennomføring av konkrete program.

OSSE har dei seinare åra fokusert på korleis offentlege og private aktørar kan samarbeide for å kjempe mot terrorisme, og i 2010 vart det vigd spesiell merksemd til vern av kritisk infrastruktur i energisektoren. OSSE har òg sett søkjelyset på misbruk av ideelle organisasjonar til finansiering av terrorisme og rolla media spelar i kampen mot internasjonal terrorisme, i tillegg til identifisering av tiltak mot valdeleg ekstremisme og radikalisering som kan føre til terrorisme.

Noreg har lagt vekt på at OSSE kan bidra til å setje antiterrorarbeidet på den politiske dagsordenen i Sentral-Asia og har støtta OSSE-prosjekt i regionen, mellom anna for å motverke radikalisering som i sin tur kan føre til terrorisme. Regjeringa vil halde fram å støtte opp om arbeidet i OSSE med kamp mot terrorisme.

6 Partnarsamarbeid

Partnarlanda til OSSE er Afghanistan, Japan, Mongolia, Sør-Korea og Thailand i Asia, Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko og Tunisia i Middelhavsområdet og Australia i Oseania. Partnerlanda deltek i ulike OSSE-aktivitetar, mellom anna på møta i Det faste rådet. Dei er dessutan i aukande grad inviterte med i uformelle samanhengar som møta i Korfu-prosessen. Partnarsamarbeidet er gunstig for OSSE både når det gjeld regionalt tryggingssamarbeid og konkret prosjektsamarbeid. Partnarsamarbeidet er likevel ikkje blant dei delane av OSSE-samarbeidet som Noreg har kunna prioritere.

Det vart i 2010 halde fem møte med partnerlanda i Asia med vekt på dialogen innanfor dei tre dimensjonane i OSSE, grensekrollaktivitetar overfor og samarbeid med Afghanistan og regionalt tryggingssamarbeid i Nordaust-Asia med fokus på sekspartsforhandlingane. Den årlege konferansen med partnerlanda i Asia vart halden i Seoul i mai 2010. Hovudtemaet var OSSE og dei asiatiske partnerane sin visjon om ei heilskapleg tilnærming til tryggingssaspekt («comprehensive security»). Fokuset i OSSE på dei transnasjonale truslane gjer samarbeidet med Afghanistan særleg viktig. Afghansk grensepoliti og tollvesen får


tilbod om opplæring innanfor OSSE-prosjekt. Det har òg vorte ytra ønske om å gjennomføre OSSE-prosjekt i Afghanistan, men det har hittil ikkje lukkast å oppnå semje om tiltak i Afghanistan. Noreg støttar dette partnarsamarbeidet, òg økonomisk, mellom anna gjennom grenseovervakings- og toll-opplæringsprosjekt i regionen.

Det vart i 2010 halde seks møter med partnerlanda i Middelhavsområdet med vekt på ulike aspekt av grensekroll-samarbeid og migrasjonsutfordringar. Framtida for europeisk tryggleik, sett frå et middelhavsperspektiv, var hovudtemaet under det årlege middelhavsseminaret, som vart arrangert i Valletta i oktober 2010. Dialogen med Middelhavs-partnarlanda har, delvis som følge av konflikten mellom Israel og arabarlanda, ikkje gjeve dei ønskje politiske resultata.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. april 2011 om Samarbeidet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) i 2010 vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Organisasjonskart: OSSEs organisasjon og institusjonar**

Figur 1.1 Organisasjonskart: OSSE og dets institusjonar

Vedlegg 2**Vedtak nr. 1/10. Utnemning av OSSE representanten for frie medium**

Ministerrådet,

som minner om vedtak nr. 193 av 5. november 1997 i Det faste rådet om å opprette ei stilling som OSSE-representant for frie medium,

som tek omsyn til at etter ministerrådsvedtak nr. 1/07 vil mandatperioden til den sitjande representanten for frie medium, Miklós Haraszti, gå ut 10. mars 2010,

som uttrykkjer si takksemd til den avtropande representanten for frie medium, Miklós Haraszti,

som tek omsyn til tilrådinga frå Det faste rådet, vedtek å utnemne Dunja Mijatovi som representant for frie medium for ein periode på tre år, med verknad frå 11. mars 2010.

Vedlegg 3**Vedtak nr. 2/10. Utviding av mandatet til OSSEs
Høgkommissær for nasjonale minoritetar**

Ministerrådet,

som minner om vedtaket på KSSE-toppmøtet i Helsingfors i 1992 om å opprette ei stilling som høgkommissær for nasjonale minoritetar,

som tek omsyn til at den første mandatperioden til den noverande høgkommissæren, Knut Vollebæk, går ut 19. august 2010,

som tek omsyn til tilrådinga frå Det faste rådet, vedtek å utvide mandatet til Knut Vollebæk som OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar for ein periode på tre år, med verknad frå 20. august 2010.

Vedlegg 4

Vedtak nr. 3/10. Tid og stad for det neste OSSE-toppmøtet og den neste tilsynskonferansen

Ministerrådet,

som minner om ministererklæringa om Korfu-prosessen i OSSE frå 2. desember 2009 (MC.DOC/1/09) og ministerrådsvedtaket om tid og stad for neste møte i OSSEs ministerråd frå 2. desember 2009 (MC.DEC/14/09),

som minner om vedtaket frå toppmøtet i Budapest i 1994 om at tilsynsmøtet før kvart toppmøte skal haldast i Wien, og som tek omsyn til at det er vanleg praksis å halde delar av tilsynskonferansen frå 1999 på andre stader,

som handlar i samsvar med OSSEs forretningsorden (MC.DOC/1/06), og som minner om vedtak nr. 476 i Det faste rådet om reglane for OSSE-møte om spørsmål knytte til den menneskelege dimensjonen,

som tek omsyn til vedtak nr. 932 i Det faste rådet om datoane for gjennomføringsmøtet om den menneskelege dimensjonen (HDIM) i 2010 og vedtak nr. 933 i Det faste rådet om temaa for den andre delen av HDIM-møtet i 2010,

som merkjer seg at den årlege tilsynskonferansen om tryggingsspørsmål, den årlege tilsynskonferansen innanfor den menneskelege dimensjonen og Forum for økonomiske og miljømessige spørsmål allereie var haldne i 2010,

vedtek at

1. det neste OSSE-toppmøtet skal finne stad i Astana 1. og 2. desember 2010,
2. det 18. møtet i OSSEs ministerråd skal haldast i 2011,
3. tilsynskonferansen før det neste OSSE-toppmøtet skal finne stad i tre delar, der arbeidsmøta skal fordelast mellom dimensjonane på denne måten:

- a. den første delen skal haldast i Warszawa frå 30. september til 8. oktober 2010,
- b. den andre delen skal haldast i Wien frå 18. til 26. oktober 2010, med fokus på i) alle OSSE sine forpliktingar innanfor den militærpolitiske dimensjonen, ii) alle OSSE sine forpliktingar innanfor den økonomiske og miljømessige dimensjonen, og iii) struktur og aktivitetar i OSSE; og møtet skal organiserast i parallelle arbeidsmøte,
- c. den tredje delen skal arrangerast i Astana frå 26. til 28. november 2010,

Dei delane av tilsynskonferansen som vert haldne i Warszawa og Astana, skal fokusere på alle OSSE sine forpliktingar innanfor den menneskelege dimensjonen, mellom anna temaa som vart utpeikte i PC.DEC/933, og skal organiserast som påfølgjande arbeidsmøte. Reglane for dei årlege gjennomføringsmøta om den menneskelege dimensjonen, slik dei er fastsette i PC.DEC/476, skal brukast tilsvarande på dei delane av tilsynskonferansen som gjeld den menneskelege dimensjonen. Gjennomføringsmøtet om den menneskelege dimensjonen i 2010 skal avlysast,

4. Det faste rådet skal gjere vedtak
 - om dagsordenen, den organisatoriske ramma, tidsplanen og andre reglar for OSSE-toppmøtet i Astana i 2010,
 - om dagsordenen, den organisatoriske ramma, tidsplanen og andre reglar for OSSE-tilsynskonferansen i 2010,
 - om budsjettet for toppmøtet og tilsynskonferansen i 2010.

Vedlegg 5**Vedtak nr. 4/10. OSSE-formannskap for 2013**

Ministerrådet

vedtek at Ukraina skal ha formannskapet i OSSE i 2013.

Vedlegg 6**Vedtak nr. 5/10. Tid og stad for det neste møtet i OSSEs ministerråd**

Ministerrådet

vedtek at det 18. møtet i OSSEs ministerråd skal heldast i Vilnius 6. og 7. desember 2011.

Vedlegg 7

Jubileumserklæring frå Astana Mot ein tryggleiksfelleskap

1. Vi, stats- og regjeringssjefane i dei 56 deltakarstatane i OSSE, har kome saman i Astana elleve år etter det førre OSSE-toppmøtet i Istanbul, for å forplikte oss på nytt til visjonen om ein fri, demokratisk, felles og udeleg euroatlantisk og eurasisk tryggleiksfelleskap som strekkjer seg frå Vancouver til Vladivostok, og som er forankra i avtalte prinsipp, felles forpliktingar og felles mål. Når vi no markerer 35-årsjubileet for Sluttakta frå Helsingfors og 20-årsjubileet for Paris-pakta for eit nytt Europa, stadfestar vi at prinsippa denne organisasjonen byggjer på, framleis er relevante, og at vi stadig er forplikta av dei. Vi har gjort store framsteg, men vi erkjenner òg at det må gjerast meir for å sikre full respekt for og gjennomføring av desse kjerneprinsippa og forpliktingane som vi har påteke oss i den militærpolitiske dimensjonen, den økonomiske og miljømessige dimensjonen og den menneskelege dimensjonen, særleg på område som menneskerettar og grunnleggjande fridomar.
2. Vi stadfestar at vi sluttar fullt opp om FN-pakta og alle OSSE-normer, prinsipp og forpliktingar, heilt frå Sluttakta frå Helsingfors, Paris-pakta, Tryggingspakta for Europa og alle andre OSSE-dokument som vi har vorte samde om, og at vi er ansvarlege for å gjennomføre dei i sin heilskap og i god tru. Vi understrekar på nytt at vi er forplikta av omgrepet utvida, kooperativ, lik og udeleg tryggleik, som vart lansert i Sluttakta, og som knyter fredsbevaring til respekt for menneskerettane og grunnleggjande fridomar og koplår økonomi- og miljø-samarbeid saman med fredelige mellomstatlege forhold.
3. Tryggleiken til kvar deltakarstat er uløysleg knytt til tryggleiken til alle dei andre. Kvar deltakarstat har lik rett til tryggleik. Vi stadfestar på nytt den ibuande retten til kvar enkelt deltakarstat til fritt å kunne velje eller forandre tryggingsordningane sine, mellom anna allianse-traktatar, etter kvart som dei utviklar seg. Kvar stat har òg rett til å vere nøytral. Kvar deltakarstat skal respektere rettane til alle dei andre i desse samanhengane. Dei skal ikkje styrkje tryggleiken sin på kostnad av tryggleiken til andre statar. Innanfor OSSE kan ingen stat, gruppe av statar eller organisasjon ha eit hovudansvar for å oppretthalde fred og stabilitet i OSSE-området eller sjå på ein del av OSSE-området som sin interessesfære. Vi skal berre oppretthalde ein militær kapasitet som er i samsvar med dei legitime individuelle eller kollektive tryggingsbehova våre, der vi tek omsyn til forpliktingane våre etter folkeretten og dei legitime forsvarsbehova til andre statar. Vi stadfestar vidare at alle OSSE sine prinsipp og forpliktingar, utan unntak, gjeld likt for alle deltakarstatane, og vi understrekar at vi står ansvarlege overfor borgarane våre og kvarandre for at dei vert gjennomførte i sin heilskap. Vi ser på desse forpliktingane som noko vi har skapt i fellesskap og som følgjeleg direkte og legitimt angår alle deltakarstatane.
4. Takka vere desse normene, prinsippa og forpliktingane har det vore mogeleg for oss å gjere framgang med å leggje gamle konflikthar bak oss og bevege oss nærare mot demokrati, fred og samhald i heile OSSE-området. Vi må ha dei med oss som rettesnor vidare i det 21. hundreåret når vi arbeider saman for å gjere den ambisiøse visjonen frå Helsingfors og Paris til ein realitet for alle innbyggjarane våre. Saman med alle andre OSSE-dokument fastset dei tydelege standardar for deltakarstatane i behandlinga av kvarandre og alle enkeltpersonar på territoria deira. Vi er fast bestemte på å byggje vidare på dette sterke grunnlaget, og vi stadfestar på nytt at vi er forplikta til å styrkje tryggleiken, tilliten og dei gode naboforholda mellom statane og folka våre. I denne samanhengen er vi overtydde om at OSSE framleis spelar ei avgjerande rolle, som bør styrkjast ytterlegare. Vi vil vidare arbeide med å styrkje effektiviteten og handlekrafta i OSSE.
5. Vi verdset at OSSE, som den mest inkluderande og omfattande regionale tryggingsor-

ganisasjonen i det euroatlantiske og eurasiske området, framleis er eit unikt forum som arbeider på grunnlag av konsensus og suveren jamlikskap mellom statane, for å fremje open dialog, førebyggje og løyse konflikhtar, byggje felles forståing og fremje samarbeid. Vi understrekar kor viktig arbeidet er som vert gjort av OSSE-sekretariatet, Høgkommissæren for nasjonale minoritetar, Kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar og Representanten for frie medium, i tillegg til OSSEs feltoperasjonar, i samsvar med deira respektive mandat, som hjelper deltakarstatane med å gjennomføre OSSE-forplikingane sine. Vi er fast bestemte på å intensivere samarbeidet med Parlamentarikarforsamlinga i OSSE og støttar opp om innsatsen for å fremje tryggleik, demokrati og velstand i heile OSSE-området og blant deltakarstatane og for å auke tilliten mellom deltakarstatane. Vi verdset òg den viktige rolla organisasjonen spelar for å opprette effektive tillits- og tryggleiksskapande tiltak. Vi stadfestar på nytt at vi er forplikta til å gjennomføre dei fullt ut, og at vi er fast bestemte på å sikre at dei held fram å vere eit vesentleg bidrag til den felles og udelelege tryggleiken vår.

6. OSSEs heilskapelege og kooperative tilnærming til tryggleik, som ser dei menneskelege, økonomiske og miljømessige, politiske og militære dimensjonane ved tryggleik som ein integrert heilskap, er framleis heilt nødvendig. Vi er overtydde om at det ibuande menneskeverdet til den enkelte står i sentrum for full tryggleik, og vi tek opp att at menneskerettar og grunnleggjande fridomar er umistelege, og at det viktigaste ansvaret vi har, er å fremje og verne om dei. Vi stadfestar kategorisk og ugjenkalleleg at forplikingane vi har teke på oss under den menneskelege dimensjonen, har direkte og legitim interesse for alle deltakarstatane og ikkje berre høyrer inn under ein bestemt stats indre saker. Vi verdset den viktige rolla sivilsamfunnet og frie medium spelar i arbeidet med å sikre full respekt for menneskerettar, grunnleggjande fridomar, demokrati, mellom anna frie og rettferdige val, og rettsstaten.
7. Det står att alvorlege truslar og utfordringar. Vi må overvinne mistillit og sprikande syn på tryggleik. Forplikingane våre i den militærpolitiske, økonomiske og miljømessige og menneskelege dimensjonen må gjennomførast i sin heilskap. Respekten for menneskerettane, grunnleggjande fridomar, demokrati og rettsstaten må vernast om og styrkjast. Det må gjerast ein større innsats for å fremje religions- og trusfridom og kjempe mot intoleranse og diskriminering. Vi må vidareutvikle eit gjensidig fordelaktig samarbeid som har som mål å møte konsekvensane økonomiske og miljømessige utfordringar får for tryggleiken i regionen vår. Dialogen om energitryggleik, mellom anna om avtalte prinsipp for samarbeidet, må styrkjast. Det bør gjerast ein sterkare innsats for å løyse eksisterande konflikhtar i OSSE-området på ein fredeleg og framforhandla måte, innanfor format vi er samde om, med full respekt for normene og prinsippa frå folkeretten som er nedfelte i FN-pakta og Sluttakta frå Helsingfors. Vi må hindre at det oppstår nye kriser. Vi lover å avstå frå truslar om eller bruk av makt på ein kvar måte som er i strid med føremåla og prinsippa i FN-pakta eller med dei ti prinsippa i Sluttakta frå Helsingfors.
8. Kontroll med konvensjonelle våpen og tillits- og tryggleiksskapande tiltak er framleis viktige verktøy for å sikre militær stabilitet, føreseielege forhold og openheit, og desse verktøya må no få nytt liv, oppdaterast og moderniserast. Vi verdset arbeidet til Forum for tryggingssamarbeid og ser fram til at Wien-dokumentet frå 1999 vert oppdatert. Vi verdset at CFE-avtalen medverkar til å skape eit stabilt og føreseieleg miljø for alle deltakarstatane i OSSE. Vi merker oss at CFE-avtalen ikkje er gjennomført slik at kapasiteten vert fullt utnytta, og at tilpassingsavtalen til CFE-avtalen (ACFE) ikkje er tredd i kraft. Vi seier oss glade for at det vert gjort ein styrkt innsats for å kome ut av blindgata vi no er inne i, og vi uttrykkjer vår støtte til konsultasjonane som no går føre seg, og som har som mål å opne for forhandlingar i 2011.
9. Samstundes, i dagens samansette og samankopla verd, må vi skape større samhald om målsetjingar og handling når vi står overfor nye grenseoverskridande truslar, som terrorisme, organisert kriminalitet, ulovleg innvandring, spreiging av masseødeleggingsvåpen, digitale truslar og ulovleg handel med handvåpen og lette våpen, narkotika og menneske. Slike truslar kan oppstå i eller utanfor regionen vår.
10. Vi erkjenner at tryggleiken i OSSE-området er uløyselig knytt til tryggleiken i tilgrensande område, særleg i Middelhavsområdet og i Asia. Vi må difor styrkje samarbeidet med samarbeidspartnarane våre. Vi understrekar særleg behovet for å bidra effektivt, ut frå kapasiteten og dei nasjonale interessene til kvar deltakarstat, til den kollektive internasjonale innsatsen

for å fremje eit stabilt, uavhengig, velståande og demokratisk Afghanistan.

11. Vi ser positivt på initiativ som har som mål å styrje tryggleiken i Europa. Tryggingsdialogen, som vart styrkt gjennom Korfu-prosessen, har medverka til at vi no har eit skarpere fokus på desse initiativa og andre utfordringar vi står overfor i alle dei tre dimensjonane. No er tida inne for å handle, og vi må definere konkrete og handfaste mål i arbeidet med desse utfordringane. Vi er fast bestemte på å samarbeide for å realisere visjonen fullt ut om ein fellesskap med utvida, kooperativ og udeleg tryggleik i heile OSSE-området. Denne tryggleiksfellesskapen bør ha som mål å møte utfordringane i det 21. hundreåret og må vere basert på full etterleving av dei felles normene, prinsippa og forpliktingane i OSSE, på tvers av alle dei tre dimensjonane. Fellesskapen må samle alle deltakarstatane i OSSE i heile det euroatlantiske og eurasiske området, utan skiljelinjer, konflikhtar, interessesfærar og soner med ulike tryggingsnivå. Vi skal arbeide for å sikre at samarbeidet mellom statane våre, og mellom aktuelle organisasjonar og institusjonar dei er medlemmer av, vert rettleidd av prinsippa om likskap, partnerskap, inkludering og openheit. Alt medan vi finn styrke i mangfaldet, set vi oss føre å nå dette overordna målet gjennom vedvarende handlekraft og felles innsats, både innanfor OSSE og i andre format.
 12. For dette føremålet pålegg vi den påtroppande formannskapet å organisere ein oppfølgingsprosess innanfor eksisterande format, der det vert teke omsyn til idear og forslag som er lagde fram av deltakarstatane, mellom anna innanfor ramma av Korfu-prosessen og i førebuingane til toppmøtet i Astana, og vi lovar å gjere alt vi kan for å hjelpe dei påtroppande formanskapa med å utvikle ein konkret handlingsplan som byggjer på arbeidet som er gjort av den kasakhstanske formannskapet. Framdrifta i arbeidet skal evaluerast på det neste ministerrådsmøtet i OSSE, som finn stad i Vilnius 6. og 7. desember 2011.
 13. Vi uttrykkjer djup takksemnd overfor Kasakhstan for at landet har vore vertskap for møtet vårt, og for energien og vitaliteten landet har synt i arbeidet med den utfordrande oppgåva som formannskap for OSSE i 2010. Vi ønskjer Litauen velkomen som formannskap i organisasjonen i 2011, Irland i 2012 og Ukraina i 2013.
-

Vedlegg 8

Noregs innlegg ved utanriksminister Jonas Gahr Støre på OSSE-toppmøtet i Astana, 1. desember 2010

President Nazarbajev,

Som representant for landet som hadde formannskapet på det siste OSSE-toppmøtet i Istanbul i 1999, er det ein stor ære for meg, på vegner av den norske regjeringa, å halde det norske innlegget på dette toppmøtet.

President,

De sette ein ambisiøs dagsorden for den kasakhstanske formannskapet, og eg vil få gratulere dykk med resultatane de allereie har oppnådd. Eg vil òg få takke for gjestfridomen de har synt oss her i Astana.

President, Sluttakta frå Helsingfors ga håp til min generasjon. Vi kan kanskje seie at byrjinga på slutten av den kalde krigen kom med undertekninga av Sluttakta i 1975. Mykje har endra seg sidan den gongen i den euroatlantiske regionen, for det meste til det betre. I løpet av desse 35 åra har nøkkelpriinsippa frå Helsingfors følgd oss: ei brei tilnærming til tryggleik og sosial framgang, den sentrale rolla menneskerettar spelar. Vi må ikkje gløyme at desse sakene framleis har direkte og legitim interesse for alle deltakarstatane, og at dei ikkje berre høyrer inn under dei indre sakene til den einskilde staten.

Eg vil få kommentere fire sentrale punkt som gjeld utfordringane som ligg framfor oss:

For det første må vi oppretthalde styrken, verdien og inspirasjonen til denne organisasjonen, inspirasjonen og arven frå Sluttakta frå Helsingfors.

OSSE er verdas største tryggingorganisasjon – ikkje basert på militærmakt, men på bygging av tillit mellom land og på respekt for menneskerettane.

Når vi ser på verda utanfor vår eigen region, er det freistande å seie at andre regionar kunne dra nytte av våre erfaringar. Kva om Midtausten hadde det same nettet av organisasjonar og plattformer der parlamentarikarar, ministrar og representantar for sivilsamfunnet kunne møtast og skape gjensidig tilknytning, openheit og tryggleik?

Det er vår plikt å ta vare på dei sterke sidene ved OSSE samstundes som vi utviklar oss vidare

for å møte nye utfordringar. Trusselbiletet har endra seg. Det vert utvikla partnerskap og samarbeid med nye stormakter, som Kina og India. OSSE har ein eineståande posisjon i denne nye konteksten.

Eg meiner at følgjande punkt utgjer kjernen i samarbeidet vårt: konfliktforebygging, tidleg varsling, konfliktløsning, gjenoppbygging etter konflikt, vern om minoritetar og kontinuerleg merksend for å sikre at integriteten til dei demokratiske institusjonane i medlemsstatane vert halden ved lag.

Eg vil få heidre den kasakhstanske formannskapet for responsen på situasjonen i Kirgisistan i sommar. Men det finst framleis langvarige konflikthar som ventar på å finne ei løysing. Krigen i Georgia i 2008 var òg eit tilbakesteg. Sentrale verdier og prinsipp vart krenkte, saman med den territoriale integriteten til ein deltakarstat i OSSE. Dette er eit faktum som ikkje kan setjast til side.

For det andre må vi framleis vere opptekne av det *utvida* tryggleiksgrepet.

Vi kan ikkje få fullstendig tryggleik dersom vi ikkje respekterer grunnleggjande rettार som forsamlings-, ytrings-, religions- og trusfridom.

Vi har eit vedvarande ansvar for å sikre at desse rettane er reelle og gjeld for alle borgarane våre. Eg ser positivt på dei mange bidraga frå frivillige organisasjonar og på konferansen som vart halden her denne helga. Det er avgjerande at sivilsamfunnet deltek aktivt. Sjølv om vi har grunnar til å feire ved denne korsvegen, står det framleis att utfordringar i medlemsstatar i organisasjonen vår, til dømes hindringar for ytringsfridomen og andre grunnleggjande rettार.

Her bidreg OSSE til betring, gjennom ODIHR, Høgkommissæren for nasjonale minoritetar og Representanten for frie medium. Desse institusjonane må sikrast og styrkjast ved behov.

Valobservatørlaga frå OSSE leverer solide evalueringar og tilrådingar. Den nasjonale oppfølginga må vere effektiv. Noreg har for sin del samarbeidd tett med ODIHR i oppfølginga av det siste stortingsvalet i 2009.

Eg vil òg få heidre Høgkommissæren for nasjonale minoritetar, særleg for Bolzano/Bozen-tilrådingane om korleis spørsmåla kring nasjonale minoritetar i mellomstatlege relasjonar skal løysast slik at ein unngår konflikhtar og fremjar gode naboforhold.

For det tredje må vi syne at vi er i stand til å handtere grenseoverskridande spørsmål.

OSSE gjev no eit verdifullt bidrag i Afghanistan. OSSE kan spele ei viktig rolle i kampen mot internasjonal terrorisme og organisert kriminalitet. OSSE-programma for politireform, grensetryggleik og kamp mot menneskehandel er særleg relevante.


Et nytt nyttig verktøy er OSSEs i Dusjanbe for grensetryggleik- og grenseforvaltningsspørsmål. Noreg er stolt av å vere blant dei største bidrags-gjevarane.

For det fjerde må vi syne at vi effektivt kan gjennomføre våpenkontroll og tryggleiks- og til-litsbyggjande tiltak.

Eg er glad for at Wien-dokumentet frå 1999 er oppdatert og styrkt. Sjølv om det berre har gjeve små resultat til no, er dette eit steg i rett retning, og arbeidet må halde fram i 2011.

Europa treng å vidareutvikle og modernisere våpenkontrollen for å gje oss alle betre tryggleik og stabilitet og meir føreseielege tilhøve. Noreg vil støtte arbeidet for å få nytt liv i CFE-avtaleregimet og få kontrollen med konvensjonelle våpen på skinnene att.

Endeleg, president Nazarbajev, vil eg på nytt få heidre deg og min venn og kollega utanriksminister Saudabajev. Eg er glad for at det er semje om den ukrainske formannskapet i 2013, og eg ønskjer Litauen alt det beste i 2011 og det same til Irland i 2012.



Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS 04/2011

